



## Innkalling Kommunestyret

**Møtedato:** 10.12.2020  
**Møtested:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 11:00 - 20:00

Budsjettvedtak

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

### Saksliste

Saksnr	Tittel
111/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
112/20	Godkjenning av møteprotokoll
113/20	Godkjenning av møteprotokoll
114/20	Meldingar
115/20	Orienteringssak
116/20	Godkjenning av planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen med utviding av bustadområde B09, planid. 2018001
117/20	Medfinansiering av drift av vassområda frå 2021-2027- Førespurnad frå Vestland fylkeskommune
118/20	Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2021 - Godkjenning
119/20	Betaling for dagsenterplass på Nordliheimen 2021
120/20	Betaling for følgjeteneste for ikkje lovpålagde tenester 2021
121/20	Betaling for heimetenester 2021
122/20	Betaling for middag og lunsj 2021
123/20	Betaling for tryggleiksalarm 2021
124/20	Gebyr alkohol- og tobakkssaker 2021
125/20	Gebyr- og betalingssatsar oppvekst og kultur for 2021

- 126/20 Gebyr slam 2021
- 127/20 Avløpsavgift 2021
- 128/20 Vassavgift 2021
- 129/20 Feieavgift 2021
- 130/20 Renovasjonsavgift 2021
- 131/20 Nordhordland Revisjon IKS - oppdatering av selskapsavtale
- 132/20 Møteplan for 2021
- 133/20 Revisjon av selskapsavtale Region Nordhordland Helsehus IKS
- 134/20 Vedtak - Overordna Beredskapsplan
- 135/20 Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2021
- 136/20 Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 - sak frå kontrollutvalet
- 137/20 Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 - sak frå kontrollutvalet
- 138/20 Planutvalet, vurdering av utviding
- 139/20 Tilskot til arbeidet med busslomme og fortau i Toftegårdskrysset
- 140/20 Tertialrapport III 2020
- 141/20 Budsjettframlegg 2021

4. desember 2020

Per Lerøy  
ordfører

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
111/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4896

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
112/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4896

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 24.11.2020

#### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
109/20	Kommunestyret	PS	24.11.2020
113/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4878

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 12.11.2020

Protokollen - Kommunestyret - 18.06.2020

#### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

#### Kommunestyret - 109/20 - 24.11.2020

#### KS - behandling:

Handsaming i kommunestyret:

Godkjenning av møteprotokollane vert utsett til neste møte.

#### KS - vedtak:

Godkjenning av møteprotokollane vert utsett til neste møte.

#### Saksopplysninger:



## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
114/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4896

### Meldingar

### Underliggende saker

Saksnummer	Tittel
114/20.1	Innspelsmøte Regional transportplan for Vestland fylke
114/20.2	Arbeidstilsynet skal kontrollere smittevern i alle tilsyn
114/20.3	Austrheim kontrollutval - møteprotokoll frå møtet 25.11.2020
114/20.4	Fordeling av ekstra skjønnsmidlar til kommunane i Vestland etter gjennomførte smittevernstiltak
114/20.5	Offentleg variant - Komplet innkalling til generalforsamlingen i Bergen Havn AS den 17. desember 2020 kl. 12:00
114/20.6	Vestlandsrevisjon IKS: Møteutskrift styremøte 5. november 2020

### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
115/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4896

### Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:



## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
160/20	Formannskapet	PS	03.12.2020
116/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	PlanID-2018001, Komnr-1264	18/875

### **Godkjenning av planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen med utviding av bustadområde B09, planid. 2018001**

#### **Vedlegg**

Uttale frå formannskapet i Austrheim kommune etter synfaring i Heiane-feltet den 24.09.2020

Kart 101582\_GH01\_A

Kart 101582\_GH02\_A

Kart 101582\_GH03\_A

Kart 101582\_GH04\_A

Kart 101582\_GH06\_A

101582\_VA-rammeplan for Heiane boligfelt Rev. B

1. Planomtale 03.11.2020

Reguleringsplan - Heiane bustadfelt og Finnsvågen båthamn - kostnadsestimat vegalternativ NVE si fråsegn til offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan Heiane bustadfelt og Finnsvågen båthamn med utviding av bustadområde B09 - Planid 2018001 - Austrheim kommune  
Fylkesmannen i Vestland - førebels uttale til planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen båthamn

Aleksander F. Midtun - merknad til planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen båthamn  
Vestland fylkeskommune - uttale om planframlegg for Planendring for Heiane bustadfelt og reguleringsplan - Finnsvågen båthamn med utviding av bustadområde B09 - planid 2018001 - Offentleg ettersyn - Austrheim kommune

Blomhaugane Velforening - merknad til planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen båthamn  
Helga Pedersen med fleire - merknad til planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen båthamn  
Statens vegvesen - merknad til planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen båthamn  
Gerd og Reidar Rasmusen - merknad til planendring - Heiane bustadfelt

Ester Låstad - merknad til planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen båthamn

Naturvernforbundet - merknad til planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen båthamn

Bergens Sjøfartsmuseum - merknad til planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen båthamn

Fiskeridirektoratet - Uttale til offentleg ettersyn av planframlegg for planendring for Heiane bustadfelt og reguleringsplan Finnsvågen båthamn med utviding av bustadområde B09

Referat bygdamøte

Uttale - Revidert planforslag - Heiane bustadfelt - Finnsvågen båthamn - Utviding av bustadområde B09 - Detaljregulering

3. ROS- analyse – 20.10.2020

4. Oppsummerande Merknadsskjema – 02.11.2020

6. Illustrasjonsplan 29.10.2020

Reguleringsføresegner 23.11.2020

Innspel - vedr Heianefeltet i formannskapet 05.12.2020

Arealtabell 25.11.2020

Illustrasjonsplan 25.11.2020

Reguleringsplan 25.11.2020

### **Framlegg til vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen med utviding av bustadområde B09, planid. 2018001. Reguleringsføresegner er datert den 23.11.2020. ROS-analyse er datert den 31. oktober 2020. Plankart er datert den 25. november 2020. Planomtale og GH-karta til revidert *VA-rammeplan* er datert den 03.11.20. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

### **Formannskapet - 160/20 - 03.12.2020**

#### **FS - behandling:**

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka:

Har vore eit grundig arbeid over lang tid. Har ikkje kunna gjennomføre folkemøte i år, men det har vore tidlegare i saka, og har elles hatt god dialog rundt planen.

Formannskapet som styringsgruppe har gitt innspel og rådmannen har teke dette med i planarbeidet. Dette er ei endring på ein eldre plan, då den var laga var byggegrense mot fylkesveg 10 meter, men denne grensa har allereie i mange år vore 30 meter, og det er det ein har måtte forhalda seg til. No har ein likevel lagt byggegrensa utanom husa som ligg mot vegen. Det blir utbygging i "toppen" av feltet og fortetting elles, kan bli 30 nye bueingar. Det har vore sterke føringar frå Fylkesmannen når det gjeld elva, og vegtilkomsten må sikrast i høve til ekstremver. Behov i området skal vere dekkja for dei neste 10 åra med denne planen.

Per Lerøy (Ap) sa at det er ikkje alltid enkelt å forstå krava til Statens Vegvesen. Formannskapet meiner at ein kan innsnevra passasje forbi Kuneset og ha møteplassar på kvar side, men slikt tar ikkje Statens Vegvesen hensyn til. Handboka N100 burde ein sjå på som ein rettleiar og ikkje ein kravspesifikasjon med absolutte krav, spesielt når det gjeld utbetring av vegar. Dette er eit rett strekk og ein kan etablere møteplassar.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han er samd i problemstillinga frå ordførar, men tenkjer at om ein regulerer slik vegvesenet krev, så er det vel ikkje så stor sjans for at det blir endringar på vegen på lenge enda.

Per Lerøy (Ap) sa at vi skal nok sjå langt etter så store investeringar på vegnettet i Austrheim, men det legg band på husa som ligg der.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at restriksjonane ligg der allereie før vi lager planen. Det har vore 30 meter byggegrense mot fylkesvegen og dei har måtta søkje dispensasjon for å gjere noko. Med denne reguleringsplan har vi gjort det slik at alle unntatt eit hus, ikkje treng søke om dispensasjon. Dei får ein større rett no enn tidlegare.

Per Lerøy (Ap) sa at det er positivt at vi kan legge til rette for utbygging i Heiane.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

### **FS - vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen med utviding av bustadområde B09, planid. 2018001. Reguleringsføresegner er datert den 23.11.2020. ROS-analyse er datert den 31. oktober 2020. Plankart er datert den 25. november 2020. Planomtale og GH-karta til revidert VA-rammeplan er datert den 03.11.20. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

### **Saksopplysninger:**

Austrheim kommune har no motteke oppdatert plandokument frå planleggingsfirma ABO Plan & Arkitektur AS. Reguleringsføresegner er datert den 23.11.2020. ROS-analyse er datert den 31. oktober 2020. Plankart er datert den 25. november 2020, det vert ettersendt før formannskapsmøtet den 3. desember 2020. Planomtale og GH-karta til revidert VA-rammeplan er datert den 03.11.20. VA-planen og karta skildrar på ein oversiktleg måte vassforsyninga i området og den kommunale avløpsløysinga, men og den nye tilkomstvegen til felt B09. Vegteikninga C001 er datert den 27.04.2020, den viser korleis veganlegget med fortau og busslomer skal kunne byggjast ut langs fylkesvegen mot Fedje.


Det vert planlagt for omlag 30 nye bustadeiningar i planområdet, det vert og ei utviding av Finnsvågen båthamn med ca. 15 båtplassar. Ny framtidsretta infrastruktur med fortau langs fylkesvegen, men og internt vegnett i bustadfeltet der det er naudsynt vert og regulert på plass.

Kommunestyret vedtok den 15.12.2016 **Planstrategi for Austrheim kommune 2016-2020**. I denne står det at reguleringsplanar skal på plass i område der Austrheim kommune har eigarskap og interesse for at positiv utvikling og tiltak skjer. I planstrategien er **Planendring for Heiane bustadfelt med utviding med område B09** med **Reguleringsplan for Finnsvågen båthamn**, planid. 1996002 grensar til dette planområdet. Austrheim kommune eig areal der det er badeplass og båtopptrekk her, men og to båtplassar. Det var naturleg å planleggja desse to områda samstundes i ein ny felles reguleringsplan for å sjå på dette området i ein heilskap. Reguleringsplanen for Finnsvågen båthamn vart godkjent den 26.06.1996. Reguleringsplan for Heiane bustadfelt vart godkjent den 13.02.1982.

Kommunestyret i Austrheim vedtok den 13.12.2018 igangsetting av Planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen båthamn med utviding av bustadområde B09. Planoppstart vart varsla på vanleg måte på heimeside og annonse i lokalavis. Offentlege instansar og private partar i planområdet vart tilskrive. Merknadar vart handsama i samband med at formannskapet la

planforslaget ut på offentlig ettersyn.

Kommuneplanen sin arealdel med bustadområde B09 vart godkjent i kommunestyret den 11.04.2019. Område B09 som då kom inn som bustadområde er på omlag 20 dekar. Planområdet er difor no i samsvar med kommuneplanen sin arealdel.



**Område B09 i nord er med i kommuneplanen sin arealdel (godkjent den 11.04.2019)**

Det vart arrangert folkemøtet **den 4. juni 2019** på samfunnshuset i Austrheim kommune om planarbeidet. Det vert skrive referat frå møtet, om lag 45 personar deltok her. Folkemøte som var planlagt vår og haust 2020 vart avlyst.



Fotokart av båthamna i Finnsvågen

Plankart av reguleringsplanen frå 1996

Det vart gjennomført ei arkeologiske registrering den 30.09.2019 i planområdet. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne med høg verneverdi i det aktuelle området. Det vart gjennomført ei kostnadsvurdering av to vegalternativ som tilkomst til nytt bustadfelt B09 i Heiane. Den er datert den 14.09.2020 og vart sendt ut til formannskapsmøtet den 24.09.2020 (vedlagt).

Austrheim kommune sitt formannskap vedtok i møte den 07.05.2020, i sak 065/20 å senda planframlegg for **Planendring for Heiane bustadfelt og reguleringsplan Finnsvågen båthamn med utviding av bustadområde B09, planid. 2018001** ut på offentlig ettersyn. Høyringsfristen vart sett til 1. august 2020. Det kom inn 4 merknadar frå private og 7 merknadar frå offentlege instansar. Austrheim kommune har kommentert kvar merknad på vanleg måte og vurdert desse grundig. Det har og planfirmaet ABO plan & arkitektur AS gjort i vedlagt MERKNADSSKJEMA - FORSLAGSSTILLARS KOMMENTAR TIL MERKNADER OG UTTALELSER, det er datert den 02.11.2020.

### Merknadar frå offentlege instansar:

**1. Statens vegvesen** sin merknad er datert den 17.07.2020 Statens vegvesen skriv mellom anna følgjande: *Reguleringsplanen omfattar i stor grad areal som alt er utbygd. Bustadfeltet skal fortettast og utvidast. Nye bustader kjem i eit område med gangavstand til butikk og relativt kort avstand til skule og andre viktige funksjonar. Vi har ikkje merknader til planen ut frå Statens vegvesen sitt sektoransvar for veg og vegtrafikk.*

**Austrheim kommune sin kommentar til merknaden:** Austrheim kommune tek merknaden til orientering og er glad for at Statens vegvesen er nøgd med planframlegget. Austrheim kommune

viser eller til merknadskjema til ABO plan & arkitektur datert den 02.11.2020 og slutter seg til denne.

**2.Fiskeridirektoratet** sin merknad er datert den 25.06.2020 : Dei skriv mellom anna følgjande: *I planomtalen er låssettingsplassen Breidvik omtalt. Denne låssettingsplassen strekkjer seg delvis inn i planområdet, og er i kommuneplanen sin arealdel sett av til føremål fiske. Vi har ikkje nyare data om bruken av låssettingsplassen, og kan ikkje sjå at det er problematisk at planområdet overlappar litt med låssettingsplassen i dette tilfellet. Vi har dermed ikkje merknadar til planframlegg for planendring.*

**Austrheim kommune sin kommentar til merkaden:** Austrheim kommune tek merkaden til orientering og er glad for at Fiskeridirektoratet er nøgd med planframlegget. Austrheim kommune viser eller til merknadskjema til ABO plan & arkitektur datert den 02.11.2020 og slutter seg til denne.

**3a.Fylkesmannen i Vestland** sin merknad er datert den 10.08.2020. Han skriv mellom anna følgjande (korta ned ein del):

*Fylkesmannen har fleire merknadar til planframlegget som kan vere i strid med statlege interesser. Vi viser også til at NVE ikkje har fått planforslaget til offentleg ettersyn, og at Fylkesmannen si samordningsrolle tilseier at vi ikkje kan ferdigstille saka før NVE også har hatt høve til å uttale seg til planen.*

*Fylkesmannen si vurdering er at planen er uklar temaet leike- og uteoppfallsareal. Det er stilt rekkjefølgjekrav til opparbeiding av leikeareal jf. føresegn 5.2.1, men det er uklart kva som skal opparbeidast. Det er i føresegn 3.1.1 sett krav til kvalitet på leikeareal. Det er uklart for oss om området som er sett av i gjeldande plan er vurdert som stort nok, med gode nok eigenskapar for heile feltet. Føresegna må vere klarare på kva som må opparbeidast i leikearealet.*

*Det er i føresegn 3.3.1 sett av blågrøn struktur (felt GF) som kan nyttast til offentleg rekreasjon-/leik og friluftaktivitetsområde. Det er ikkje samsvar mellom kart, føresegn og planskildring på dette området.*

*Det er registrert blautbotn i deler av planområdet. Det betyr mellom anna at vi er kritisk til nye naust i BUN1. Vi er også kritisk til dette området utifrå eit strandsone og landskapsperspektiv, då nye naust her ser ut til å krevje ein del terrenginngrep. Fylkesmannen si vurdering er at BUN1 ikkje bør omfatte meir enn området med eksisterande naust og det må leggjast inn føresegn om at det i området ikkje vert opnar for nye naust eller nye tiltak i sjø.*

*Bustadformål i BFS2 går heilt ned til sjøen og området med blautbotn. Fylkesmannen meiner bustadformålet må trekkast vekk ifrå sjø og erstattast av eit grøntformål og det må leggjast inn ei byggegrense mot sjø.*

*Plan og bygningslova § 4-3 krev at alle risiko- og sårbarheitstilhøve (inklusive endringar som følgje av tiltenkt ny arealbruk) av tyding for om arealet er eigna til utbyggingsføremål skal visast.*

*Risiko/sårbarheit skal vere avdekt fullt ut på detaljreguleringsplansnivå. Det er ikkje høve til å skyve dette til byggjesakshandsaminga. ROS-analysen omtaler kvikkleire som ein mogeleg risiko. Etter det vi kan sjå er dette temaet ikkje fullt ut belyst i planarbeidet og nokon vurderingar ser ut til å vere utsett til byggesak.*

### **Konklusjon**

*Fylkesmannen har vesentlege merknadar til handtering av leike- og uteoppfallsareal i planen. Dette gjeld i særleg grad fellesareala. Vi meiner det er særleg viktig at planen sikrar at det vert opparbeida gode felles leike- og uteoppfallsareal for bebuarane. Det må gå klart fram av plankartet kva som er felles leike- og uteoppfallsareal..*

*I strandsona meiner vi at det må sikrast at det ikkje kjem nye tiltak i området BUN1. Det må også leggjast inn eit*


grøntområde mellom bustad og sjøen i BFS2 og byggegrense mot sjø bør ligge i formålsgrensa til BFS2.

**3b.Fylkesmannen i Vestland:** Den 18.11.2020 sendte Fylkesmannen i Vestland følgjande uttale til det reviderte planforslag for Heiane bustadfelt og Finnsvågen båthamn:

Vi viser til e-post frå kommunen av 11.11.2020 med revidert planforslag for reguleringsplan for Heiane bustadfelt - Finnevågen båthamn. Vi viser også til vår foreløpige uttale til offentlig ettersyn datert 10.08.2020.

Fylkesmannen hadde merknader til handtering av leike- og uteoppholdsareal, grønstruktur, strandsoner, naturmangfald og risiko og sårbarheit. Vi set pris på at kommunen har følgd opp våre merknader på ein god måte.

Det er, etter at saka var til offentlig ettersyn gjort endringar i vegsystemet i planforslaget. Den nye vegen er ikkje naudsynt, sjølv om det er ein fordel at det køyrer færre bilar forbi leikeplassen. Fylkesmannen si vurdering er at endringane er uheldig for vassdrag og for planen sin bustadsosiale profil. For å bøte på dei negative verknadene for vassdraget er det viktig å sikre fisken si frie vandring, jf. lakse- og innlandsfisklova § 7 og forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Vidare må ein sikre lovbunden bevaring av kantvegetasjon (jf. vassressurslova § 11) og unngå avrenning frå vegen både i anleggsperioden og i driftsfasen. Det blir ei ny bekkekryssing og den må utformast slik at fisk kan vandre gjennom. Bru er i utgangspunktet den beste løysinga og kommunen bør vurdere dette. Det er også mogleg å få ei god løysing med stor kulvert med open botn, og aller helst så stor at ein ikkje rører dagens bekkeløp. Kulverten bør uansett ikkje smale inn løpet, grunna flaum og liknande. Det må innarbeidast føresegn i planen for å sikre dette. Det er viktig at fyllingsfoten til vegen ikkje kjem i kontakt med vassdraget og at det vert lagt til rette for stor nok grøn sone mellom veg og vassdrag. Etter det vi kan sjå vil vegen kome uheldig nært vassdraget på to plasser:



I desse områda bør vegen trekkast lengre vekk frå vassdraget. Ved å ikkje røre bekk, og ha ei tilstrekkeleg stor grøn sone mellom bekk og veg, bør ikkje tiltaket ha for stor negativ effekt på vassdraget i driftsfasen. I anleggsfasen må det settast krav om tiltak for å hindre avrenning. Dette er forsøkt gjort i føresegn pkt. 2.9. I denne føresegna må ein endre «bør» til «skal». Det å få tilstrekkeleg avstand til vassdraget, og ikkje røre vegetasjonssona under anleggsfasen vil også vere gode avbøtande tiltak. Fylkesmannen meiner difor at mellombels rigg- og anleggsområde bør flyttast slik at kantvegetasjon ikkje vert råka.

Fylkesmannen ber om at planen vert retta opp i tråd med våre merknader.

**Austrheim kommune sin kommentar til merknaden:** Austrheim kommune tek merknaden til etterretning. Plassering av tilkomstvegen til bustadfelt B09 og mellombels rigg- og anleggsområde er

no endra på plankartet slik Fylkesmannen ba om at Austrheim kommune skulle gjera. Føresegna er og endra slik Fylkesmannen ba om i merknad 3b. Austrheim kommune viser eller til merknadskjema til ABO plan & arkitektur datert den 02.11.2020 og slutter seg til denne.

**4.Hordaland fylkeskommune** sin merknad er datert den 05.08.2020. Dei skriv mellom anna følgjande:

*Utbygging av fortau langs Sævrøyvegen og Blomhaugane vil gi eit samanhengande gang- og sykkelvegnett som gjer det enklare og tryggare for alle bebuarane i området å kome seg til viktige funksjonar utan å måtte nytte bilen. Tilrettelegging for mjuke trafikantar er eit viktig folkehelseiltak. Snarvegar mellom hus og sentrale vegar er viktig i eit bustadområde. Vi meiner dette er sikra gjennom føresegn 3.1.1 og illustrasjonar i plankart.*

*Når det gjeld parkering ber vi dykk om å leggje til ei føresegn som set krav til ein minimum del parkeringsplassar skal vere lagt til rette for lading av elbil. I tillegg oppmodar vi om å sette krav om at parkeringsanlegget med elektrisk og teknisk anlegg skal vere utforma slik at ein på sikt med enkle middel kan legge til rette for at inntil 100% av parkeringsplassane har infrastruktur for lading av elbil. Å gjere denne type tiltak i byggefasen er kostnadseffektivt samanlikna å gjere endringar seinare.*

*Nybygging bidreg med ein vesentleg del av samla utslepp av klimagassar. Vi saknar at det er lagt inn føringar for materialbruk i reguleringsplanen og oppmodar om at ein legg inn ei føresegn på dette tema. Som følge av klimaendringane må vi vente fleire episodar med stor nedbør på kort tid. Dette gjer at ein i alle nye byggeområde må ta spesielt omsyn til god handtering av overvatn. Vi legg til grunn at dette er eit prinsipp i VA rammeplanen som er rettleiande for vidare prosjektering og nye tiltak.*

#### **Vegfagleg**

*I 2019 hadde Statens vegvesen dialog med Austrheim kommune om vegstandard på fylkesveg 568 Sævrøyvegen. I e-post til kommunen 25.11.2019 skreiv Vegvesenet:*

*I følge berekna ÅDT jf. vegkart.no så er ÅDT her 650. Framskriven ÅDT om 20 år er 1000. Vi vurderer det derfor slik at det ikkje er framtidsretta å regulere einfeltsveg her. Vi meiner de må regulere for tofeltsveg. De kan til dømes velge den smalaste som tilsvarar Sa2 som har to køyrefelt på 2,75 m kvar, med skulder på kvar side på 0,25 m. I tillegg kan det etablerast fortau dersom farten er under 60 km/t.» Vegvesenet rådde til at dette vart utgreidd i planarbeidet.*

*Etter 1. januar 2020 har fylkeskommunen overtatt vegforvaltarrolla, og vi gir uttale til planforslaget med vår nye rolle.*

*Heiane bustadfelt har tilkomst til to fylkesvegar og ligg nord for fylkesveg 568 Sævrøyvegen. Det er regulert gangtilkomst til fylkesveg 568 Sævrøyvegen og køyretilkomst til fylkesveg 565 Austrheimsvegen. Det er berre fylkesveg 568 som inngår i reguleringsplanen. Fylkesvegen er tatt med i planområdet fordi kommunen ynskja å sjå på samanhengen mellom bustadområdet og tilkomst til sjø på sørsida av fylkesvegen. Det er tidlegare regulert og bygd gang- og sykkelveg langs fylkesveg 565 Austrheimsvegen, mellom anna for å sikre skulevegen. Gjennom internt vegnett er tilkomsten via kommunal veg Blomhaugane til fylkesveg 565 Austrheimsvegen i kryss som ligg nord for rundkøyinga som er krysset mellom fylkesveg 568 og 565.*

*Merknader til planforslaget:*

*Det er positivt at det er regulert for tofeltsveg med fortau fordi ein då har areal til å bygge dette dersom det vert auka trafikk utover denne strekninga. Fylkeskommunen vil ikkje stille rekkefølgjekrav til opparbeiding av tofeltsveg til dette planarbeidet.*



Fylkeskommunen som vegstyresmakt har merknader til konkrete løysingar i planen som vi ønskjer skal endrast før planen vert endeleg vedteke. Vi vel å ikkje ha motsegn til reguleringsplanen ettersom vi har god dialog med Austrheim kommune, og tru på at dette kan løysast utan.

Planforslaget har noko mangelfulle løysingar for trafikktryggleik, særleg knytt til busslommene. Vi har difor merknader til utforming av busslommer, kryssingspunkt og avkøyrslar. Og vi rår til at det vert sett av eit større areal for midlertidig rigg og anleggsområde ved brua søraust i planområdet for å sikre at det er plass til å bygge det som er regulert.

### **Oppsummering**

Vestland fylkeskommune har merknadar til planforslaget på tema ladeløysingar og materialbruk, rettingar i høve busslomme, avkøyrslar og riggområde, samt merknad om generelle omsyn til kulturminne. Vi ber om at våre merknadar vert teke med i det vidare arbeidet.

**Austrheim kommune sin kommentar til merknaden:** Austrheim kommune har i hovudsak retta opp det som Vestland fylkeskommune hadde merknad på i planforslaget. Austrheim kommune tek elles merknaden til orientering. Austrheim kommune viser eller til merknadskjema til ABO plan & arkitektur datert den 02.11.2020 og slutter seg til denne.

**5. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)** sin merknad er datert den 27.08.2020. Dei skriv følgjande:

*Lausmassekartet til NGU syner at det i den nordaustre delen av planområdet kan vere tynt dekke av marine avsetningar. Dette er nemnd i ROS analysen, og at bygging av ny veg i teorien kan utløyse initial skred/lokal utgliding. Det vert rådd til ei føresegn med krav om at geoteknisk utgreiing skal leggast ved søknaden ved alle søknadspliktige tiltak etter PBL i terreng brattare en 1:2 innanfor område med tynn marin avsetning.*

*NVE meiner at ROS analysen må ta stilling til om det er reell fare for områdeskred av kvikkleire på ein meir eintydig måte enn kva som er tilfelle no. NGU sitt lausmassekart er utarbeidd med låg oppløysing. Det er difor usikker kvar grensa går mellom areal med potensiale for marin leire og anna areal. Ut frå ortofoto kan det sjå ut som om områda ned mot sjøen berre har tynt lausmassedekke med ein del fjell i dagen. Større områdeskred av kvikkleire ved inngrep i marine avsetningar i dei flate områda lenger nordaust vil i så fall vere lite sannsynleg. Som nemnd over meiner vi at de må syte for at det vert gjort ei konkret vurdering av fare for områdeskred av kvikkleire, og konkludere eintydig på spørsmålet før planen vert slutthandsama. Vi rår til at prosedyren kap. 4.5 i NVE rettleiar 7/2014 **Sikkerhet mot kvikkleireskred** vert nytta så langt som naudsynt for å avklare skredfaren. Så vil det alltid vere naudsynt å krevje at fagkyndige vurderer om skjeringar i byggegroper og langs vegar har den naudsynt stabilitet anten det er i lausmassar eller i fjell.*

*Så langt vi kan sjå legg ikkje reguleringsplanen opp til utfyllingar og inngrep i lausmassar i strandsona.*

**Austrheim kommune sin kommentar til merknaden:** Me legg ikkje opp til i reguleringsplanen å ha utfyllingar og inngrep i lausmassar i strandsona. Tilkomstvegen vert flytta lenger aust og bygd i hovudsak på fast fjell og over elva på ein flate i terrenget. Statens vegvesen sine fagkyndige vil vurdere om skjeringar i byggegroper og langs fylkesveg har den naudsynt stabilitet anten det er i lausmassar eller i fjell ved ei utbygging der. Austrheim kommune har elles som kommentar at me tek merknaden til etterretning. Austrheim kommune viser eller til merknadskjema til ABO plan & arkitektur datert den 02.11.2020 og slutter seg til denne.

**6. Formannskapet i Austrheim kommune** uttalte etter synfaring i Heiane-feltet den 24.09.2020 følgende:

*Formannskapet meiner at ein skal følgja planane frå 1980-talet for vegframføring. Formannskapet går dermed inn for ABO Plan og Arkitektur sitt vegalternativ 2, som er kostnadsrekna til 4,5 millionar kroner. Formannskapet meiner at dette er det mest framtidsretta alternativet og i tråd med at kommunen er ein **Trafikksikker kommune**. Dette alternativet vil gi den beste løysinga for innbyggjarane i Heiane-feltet. Formannskapet rår til at ein startar bygginga av denne vegen så snart som mogeleg.*

*Når det gjeld Fv-568 forbi Kuneset, vil formannskapet at ein vurderer ei innsnevring av køyrebana, samt etablering av opphøgd gangfelt og fleire fartsdumpar på strekninga. Fartsgrensa på denne strekninga bør setjast til 30 eller 40 km i timen. Det må etablerast gode møteplassar på begge sider av Kuneset og gangveg frå Tresbakken via båthamna i Finnsvågen til Heiane-feltet.*

**Austrheim kommune sin kommentar til merknaden:** Austrheim kommune har som kommentar at me tek merknaden til etterretning når det gjeld vegtilkomst til bustadområdet B09. Austrheim kommune viser elles til krav frå Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune om korleis fylkesveg 568 skulle planleggjast, desse krava følgd opp i planarbeidet. Det er mogelege etter planen å etablere ein ikkje universell gangveg frå Tresbakken via båthamna i Finnsvågen til Heiane-feltet. Etablering av fartsdumpar og opphøgd gangfelt kan gjerast uavhengig av dette reguleringsplanarbeidet. Dette er tiltak som vert gjort etter veglova, og ikkje etter plan- og bygningslova. Det same gjeld fastsetjing av fartsgrense. Fylkesvegen er elles planlagt med to køyrefelt, det er planlagt to busslommer her og.

**7. Bergens Sjøfartsmuseum** sin merknad er datert den 10.08.2020. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Finnsvågen båthamn i Austrheim kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Museet har ingen andre merknader til reguleringa.

**Austrheim kommune sin kommentar til merknaden:** Austrheim kommune tek merknaden til orientering. Austrheim kommune viser eller til merknadskjema til ABO plan & arkitektur datert den 02.11.2020 og slutter seg til denne.

## **Merknadar frå private instansar:**

**1. Aleksander F. Midtun** skriv i sin merknad den 06.08.2020 mellom anna følgende:

*I forbindelse med overnevnte planendring ser jeg at min naustetomt i strandsonen med gårds/bruksnummer – 156/104, ikke er tegnet inn med et potensielt naust.*

*Det er i dag bygge naust på begge de tilstøtende eiendommer. Selv om det pr. dags dato ikke foreligger en søknad fra meg eller tidligere eier om å bygge naust. Må jeg bemerke at jeg har ervervet meg tomten med plan om å på sikt kunne søke og nyte arealet til et slikt formål.*

*I overnevnte plan virker det tilsynelatende til at store deler av arealet jeg eier i strandsonen eksproprieres, noe jeg selvsagt vil bemerke. Ved å minske tomten og legge hovedvei nærmere, vil det ikke være mulig for meg i framtiden og bruke det resterende arealet til noe formål. Har*

fritidsbolig/ hytte under samme gårds/bruksnummer som uten nevnte tomt ved sjøen vil tape sin verdi betraktelig både i nytte og økonomisk.

Imøteser et tilsvar fra kommunen i forhold til hva jeg som innbygger i kommunen har av rettigheter og om det foreligger en ordning der jeg faktisk vil bli kompensert for eventuelt tap. Dette enten i form av nytt areal i strandsonen egnet til samme formål eller økonomisk kompensasjon.


Han har lagt ved kart som viser området som han tek opp her:



Båthamna i Finnsvågen



Plankart av reguleringsplan frå 1996



Eigedom gbnr. 156/104

**Midtuns tomt er merka på kartet over med X**

**Austrheim kommune sin kommentar til merknaden:** Austrheim kommune har som kommentar at eigar overtok/kjøpte denne eigedomen den 14.10.2016. Denne eigedomen og området her har vore regulert som grønt naturområde frå den tid reguleringsplanen for Finnsvågen småbåthamn vart godkjent i 1996. Fylkesmannen ville hatt motsegn om kommunen la inn fleire naust her. Statens vegevesen eller Vestland fylkeskommune ville heller ikkje godteke dette, då dette ville kome i strid med fylkesvegen som no vert regulert med fyllingsfot, fortau og to køyrefelt. Austrheim kommune tek elles merknaden til Midtun til orientering. Austrheim kommune viser eller til merknadskjema til ABO plan & arkitektur datert den 02.11.2020 og slutter seg til denne.

**2. Naturvernforbundet Nordhordland** sin merknad er datert den 14.07.2020. Dei skriv følgjande: *Naturvernforbundet Nordhordland støttar rådmannen sitt framlegg til vegframføring i Heiane bustadfelt. Vegframføring i elva på austsida av bustadfeltet slik det er diskutert frå politisk hald, vil vera ei stort naturinngrep og eit trugsmål mot raudlista arter, m.a. oter og sjøaure, som begge er observert i elva. Utbygging i elva kan dessutan føra til flaumproblem i eit område nytta til beite. Naturvernforbundet Nordhordland vil gjera merksam på at elvedraget innover frå Heiane er kartlagd som eit viktig regionalt friluftsområde. Også av den grunn bør vegframføringa skje slik rådmannen har gjort framlegg om.*

**Austrheim kommune sin kommentar til merknaden:** Austrheim kommune har som kommentar at formannskapet har bedd om at tilkomstvegen til område B09 vert lagt på austsida av elva. Formannskapet meiner at dette er det mest framtidsretta alternativet og i tråd med at kommunen er ein **Trafikksikker kommune**. Dette alternativet vil gi den beste løysinga for innbyggjarane i Heiane-feltet, meiner formannskapet. Formannskapet er styringsgruppe for planarbeidet. Planfirmaet ABO har laga ein VA-rammeplan som viser at det er mogeleg å byggja ein tilkomstveg her som tek omsyn til flomfare og situasjonar med ekstremnedbør. Tilkomstvegen vert planlagt med ei grønn sone mellom seg og elva, vil verta planlagt i samsavr med krav frå Fylkesmannen i Vestland sitt

merknadskriv 3b, det er datert den 18.11.2020. Austrheim kommune tek merknaden til Naturvernforbundet Nordhordland til orientering. Austrheim kommune viser eller til merknadskjema til ABO plan & arkitektur datert den 02.11.2020 og slutter seg til denne.

### **3. Esther Låstad, Reidar og Gerd Rasmussen grunneigar på gbnr. 156/155 og gbnr. 156/153 og på vegne av eigar av 156/81, Helga Pedersen skriv Hardy Pedersen, Kjell Håkon**

**Pedersen, Sigurd Pedersen og Ellis A. Pedersen Bjørvoll** ein fellesmerknad som er datert både den 20.06 og 13.07.2020. I merknaden deira tek dei først opp veghistorikken og om utbygginga i området frå 1960-talet. Dei tek og opp farleg køyreadferd langs fylkesvegen her, gjerne i samband med at bilførarane skal nå ferja til Fedje. Dei skriv at det er ei fartsgrense på 50 km timen ved Kuneset og forbi avkjørsle i Tresbakken. Dei meiner at med å regulere til dobbel køyrebane med fortau så vil det føra til høgare fart langs vegen her. Dei meiner og at reguleringsplanen hindrar to huseigarar å utvida husa sine, om dei vil det. Dei meiner og at anleggsarbeidet når det kjem i gong vil vera uheldig for dei som skal nå ferja til Fedje. Dei skriv at innbyggjarane på Kuneset ynskjer at det vert lagt ein ny fylkesveg utanom bustadområdet. Dei skriv at representantar for eigar på 156/81, 156/155 og 156/153 vil føreslå følgjande endringar til planen og prioritera løysingsalternativ 1 som vist under:

1. Vegen forbi Kuneset vert oppretthalde slik den er.
2. Ny veg med rundkjøring mot Rebnor/Øksnes vert laga frå ovafor Slettebakken, i svingen aust for Blomhaugane 1 og gjennom marka og bak Heiane feltet og kjem inn att på dagens veg nord for Tresbakken nesten ved Jamnhaugen/Kvitnipa.
3. Ein kan løysa ut veg frå den nye hovudvegen inn mot det nye feltet B09 i Heiane feltet.
4. Ved denne løysinga vil ein kunne arbeide fram vegen utan stopp og hindringar.
5. Dagens veg forbi Kuneset vert degradert til kommuneveg med fartsdumpar og skilta mot gjennomkjøring i begge endar.

#### **Løysingsalternativ 2.**

1. Om vegen skal gå slik den er tenkt i planen er det eit krav frå innbuarane på Kuneset at den frå rundkjøringa vert lagt litt lenger aust i starten inn på bnr 156/18 og 156/45 fram til omtrent utløpet for Kvernhuselva. Herfrå vinkles den ørlite til den passerer avkjørsle SV8 og rettes opp nordover. Dette vil redusere inngrepet for eigedommane 156/81 og 156/155 på den delen av eigdommen som kan nyttast til seinare bruk.
2. Inngrepet som er tenkt vil redusere eigedommane 156/81 og 156/155 kraftig. Ei alternativ som kompensasjon for dette kan vera at kommunen bygger ny tilkomstveg til Kuneset via bustadområdet i Blomhaugane med å forlenge SV12 til garasje for eigedom 156/153 fram til eksisterande bustad på 156/52 og 156/81 i samarbeid med eigar på 156/52 og hans utbyggingsplanar her.
5. Ein ser at uthus med bodar på eigedom 156/81 vil ryke til med vegutvidinga. Dette uthuset med bod må erstattast med ny plassering i samarbeid med eigar/representantar for eigdommen.
6. Ein ser og at det som er ein verneverdig historisk jordkjellar vil ryke med. Eigar lurar her på korleis kommunen har tenkt å ivareta og erstatte denne?
7. Det er også VA-rør for eigedommane 156/52, 156/81 og 156/153 som vert berørt om avkjørsle SV7 fortsatt skal gå der den er tenkt.

8. Det er i planen oppretta ny sti langs elva i område G8 ved gammel steinbru til avkjørsle SV7. Dette området tilhører hagen til eigedom 156/155 og 156/52. Elva vart steinsatt langs kantane frå Det den nye planen kaller BRE1 og eit stykke nedover. Det same vart gjort nedanfor den gamle steinbrua langs de ovannemnde eigedommane. Jordstykket langs desse eigedommane vart stelt, beplanta og slått av eigarane. Det som er fakta er at fisken forsvann frå elva etter at dette vart gjort. Stien kan fortsatt gå slik den ligg i dag over steinbrua og opp til hovudvegen ved avkjørsle SV6 over 156/18 og 156/45. Det er meir oversiktleg å krysse vegen her enn ved tenkte SV7. Samtidig er den også på kommunen sin eigedom og vil ikkje gå over privat område.
9. Før vegen til Øksnes kom var overnevnte sti ein farveg til fots mellom Austrheim og Rebnord. Då gjekk den over steinbrua langs elva vestsida til grensa mellom 156/17 og 18 og opp mot hovedvegen Austrheim til Årås. Frå steinbrua var det veg opp til 156/52 og 156/81. Vidare frå steinbrua fortsatte den i G8 og svinga opp der avkjørsle SV12 er vist og gjekk gjennom Blomhaugane og kom ned til Finnsvågen via klipet som vist i G7 området. Vidare enten via Tresbakken eller opp dalen og langs der vegen går mot Rebnord. Dette burde også verta ivare tatt som ein historisk gangsti vidare og opparbeidd/skilta.

Til slutt skriv dei at innkøringa til bustadområdet i Blomhaugane bør følgja den gamle reguleringsplanen frå 1980-talet, dvs. bak Varhaugen, dette vil redusera trafikken gjennom Blomhaugane.

### **Austrheim kommune sin kommentar til merknaden:**

Den 24.09.2020 var formannskapet i Austrheim kommune på synfaring på Heiane. Formannskapet hadde følgjande uttale på vegframføringa fram til bustadområde B09:

*Formannskapet meiner at ein skal følgja planane frå 1980-talet for vegframføring. Formannskapet går dermed inn for ABO Plan og Arkitektur sitt vegalternativ 2 som er kostnadsrekna til 4,5 millionar kroner. Formannskapet meiner at dette er det mest framtidretta alternativet og i tråd med at kommunen er ein Trafikksikker kommune. Dette alternativet vil gi den beste løysinga for innbyggjarane i Heiane-feltet.*

Austrheim kommune har som kommentar til fellesmerknaden at tilkomstvegen til B09 no er planlagt slik formannskapet ynskte, og i samsvar med den gamle reguleringsplanen frå 1980-talet. Dette vert ein kostbar vegløyving, men dette er eit politisk val som Fylkesmannen i sin siste merknad den 18.11.2020 kunne godta.


Austrheim kommune har elles som kommentar til fellesmerknaden at vegplanlegginga ved fylkesveg 568 er gjort i samsvar med krav frå offentlege instansar. Å etablere ein ny fylkesvegtrase er ein uaktuell løysing kostnadsmessig og heller ikkje i samsvar med kommuneplanen sin arealdel. Planleggjarfirma ABO har elles arbeidd grundig med det reguleringsmessige langs fylkesveg 568. Vegstandard og kurvatur er drøfta med Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen. Tilbakemeldingane frå Statens vegvesen var at Austrheim kommune måtte planlegga for to køyrebaner og fortau langs fylkesvegen mot Fedje. I e-post den 25.11.2019 skriv Statens vegvesen følgjande til Austrheim kommune:

*I følgje handbok N100 så kan ein bygge einfelts veg med fortau og møteplassar dersom ÅDT er 500*

eller mindre. I følge berekna ÅDT jf. vegkart.no så er ÅDT her 650. Framskriven ÅDT om 20 år er 1000. Vi vurderer det derfor slik at det ikkje er framtidsretta å regulere einfeltsveg her. Vi meiner de må regulere for tofeltsveg. De kan til dømes velge den smalaste som tilsvarar **Sa2** som har to køyrefelt på 2,75 m kvar, med skulder på kvar side på 0,25 m. I tillegg kan det etablerast fortau dersom farten er under 60 km/t.

---

Normalprofil Fv. 568  
6.5m bredde med 2 kjørefelt.



Austrheim kommune har som kommentar at på grunn av merknad og kravet frå Statens vegvesen vart fylkesveg 568 regulert etter standard Sa2, dette er den smalaste tofeltsvegen som kan regulertast. Det er lagt inn 0,5 m skulder mot grøft. Skråningsutslag kan endrast med omsyn til fjellrensk og evt. tilpassingar med murer. Forslaget har størst konsekvensar for bustadhuset på gnr. 156 bnr. 155. Elles er det ikkje særlege konsekvensar for dei som bur langs denne strekninga. Ein avkøyring vart regulert vekk i reguleringsplanen frå fylkesveg 568 for at det skulle vera tryggare å ferdast der. Denne tomten får regulert inn ny avkøyring frå bustadfeltet i Heiane. Det vert og regulert inn snarvegar og gangstiar ulike stadar for gåande i bustadfeltet. I e-post den 17.12.2019 kom det inn følgjande opplysningar frå Statens vegvesen:

*Vi har hatt utplassert ein radar og fått utført telling på staden (fv 568 hp 1 m 400). Tellinga viser at høgaste døgntrafikk desse dagene er like i underkant av 650 kjt/døgn. Jamfør handbok N100 går skillet mellom 1 og 2 køyrefelt ved ÅDT 500. Vi meiner dette stadfester at det er riktig å planlegge med 2 køyrefelt. Det er mogleg at teljingar frå desember ikkje er fullt ut representativ, og fredag som har høgast trafikk, har gjerne noko meir utfartstrafikk enn ein normal dag. Vi meiner likevel dette er riktig å legge til grunn. Trafikken på ukedagane ligg stort sett over 500 kjt/døgn. Når det gjeld utforming av avkøyrslar og kryss, må det takast omsyn til at fartsnivået er i overkant av 50 km/t. 85%-fraktelen viser at farten er 55-59 km/t. Dersom det kan bli aktuelt med fartsreducerande tiltak, så er det saker som skal handsamast etter vegtrafikklova og ikkje i plansaka.*

Austrheim kommune har og som kommentar at Sweco Norge AS har vurdert støy frå vegtrafikk og båthamn mot eksisterande og planlagt busetnad på Heiane. Alle støygrensar i T-1442 og TEK 17 kan tilfredsstillast fullt utan tiltak. Denne rapporten som heiter *Støyvurdering Heiane bustadfelt, Austrheim* er datert den 09.03.2020. Ein trygg avkøyring til bustadhusa er regulert frå fylkesvegen her, det er den beste tilkomstvegen totalt sett for alle i dette store bustadområdet.

Vegstrekninga er no regulert frå rundkøyringa til og med krysset ned til Finnsvågen. Totalt 680 meter

av fylkesveg 568 er regulert innafor planområdet. Planforslaget har 6,25 m vegbreidde med 2,75 m fortau på sørsiden av vegen. Vegteikninga C001 er datert den 27.04.2020. Den viser at veganlegget kan byggjast her i samsvar med plankartet til reguleringsplanen.

Austrheim kommune har og som kommentar at om stien som er regulert langs elva nede ved fylkesvegen skal på plass så er kommunen avhengig av at grunneigar er samd i dette. Den historiske gangvegen bør kunne merkast som ein kulturhistorisk attraksjon, dette er noko som dei som har ansvaret for kulturarbeidet kan arbeida vidare med. Når det gjeld krav til erstatning, for bod eller potekjellar med meir så er det noko som vert gjort i samband med vedtak om bygging og finansiering av dette veganlegget. Kortid dette skjer er eit politisk spørsmål. Etablering av fartsdumpar og opphøgd gangfelt kan gjerast uavhengig av dette planarbeidet. Dette er tiltak som vert gjort etter veglova, og ikkje etter plan- og bygningslova. Det same gjeld fastsetjing av fartsgrense. Austrheim kommune trur at om dette veganlegget kjem på plass så vert det ei god og framtidsretta løysing for alle som bur i dette området. Austrheim kommune tek elles fellesmerknaden deira til orientering. Austrheim kommune viser eller til merknadskjema til ABO plan & arkitektur datert den 02.11.2020 og slutter seg til denne.

**4.Kjell-Åge Hansen sin merknad på vegne av Blomhaugane velforening** er datert den 30.07.2020. Han skriv følgjande:

*Vi ser positivt på at kommunen tilrettelegger for flere hustomter i området og har ingen kommentarer til selve utvidingen av feltet. Dette virker framtidsrettet og en utviding med ca 20 tomter nå er nok bare i et 5-10 års perspektiv. Fra planer utarbeidet på 80-tallet går det fram at det kan være aktuelt med en videre utviding i lengre tidsperspektiv. I den forbindelse er vi spesielt opptatt av veiplanleggingen i byggefeltet. Her har vi en del merknader som vi håper kommunen tar med seg i det videre arbeidet med reguleringsplanen.*

*Vi ønsker at det skal være veitilkomst langs elven til B09 slik de gamle planene fra 80-tallet har vist. Det vil føre til noe ekstra kostnader, men på sikt være en mye bedre løsning, ikke minst med tanke på en eventuell framtidig ytterligere utvidelse av byggefeltet. Vi vil gjerne kommentere en del punkt som er tatt med som planlegger sine argument:*

**Natur og landskapsødeleggende tiltak:**

*Sørsiden av området der veien bør gå , dvs ta av mot høyre i svingen ved Blomhaugane 25a er allerede sterkt opparbeidet og dyrket og det er allerede gjort flere inngrep som har endret vannføringen i elven. En vei her bør kunne legges slik at det likevel tar vare på vannføringen og kryssing av elven på en skånsom måte.*

**Støy til soverom:**

*Topografien i området er slik at det vil ligge en liten knaus som skjerming mot støy fra trafikk på soveromssiden av disse boligene.*

**Lekeplass/ballbane:**

*I de siste årene har det stadig blitt flere familier med små barn i feltet, og ved dugnad har det vært gjort et stort arbeid for å ruste opp ballbanen og området rundt denne slik at det kan være en trygg lekeplass for barn og samlingspunkt for barn og voksne. Det er mange barn som både går og sykler på disse veiene nå og en økt trafikkmengde her vil være en trussel mot trafikksikkerheten. Austrheim kommune har vært en svært aktiv kommune når det gjelder trafikksikring med gang og sykkelstier samt hjertesoner ved skole og barnehage. Vi mener derfor at det i et boligområde må tas spesielt store hensyn til trafikksikkerhet og vi*

*ønsker ikke en økning av trafikkmengden rundt ballbanen/lekeplassen. Det er til dels uoversiktlig sving der i dag og dersom tilkomstveien til det nye feltet legges her vil det kunne føre til større risiko for ulykker. I et boligfelt må det tas spesielt hensyn til de myke trafikantene. Vi ville også vært bekymret for anleggstrafikk med store kjøretøy i byggefasen for de nye tomtene.*

**Trafikksikkerhet:**

*Som nevnt vil hensynet til trafikksikkerhet i et boligfelt være overordnet noe mindre inngrep i naturen. I tillegg vil en veiløsning slik vi ønsker være mye mer framtidsrettet i forhold til en framtidig ytterligere utvidelse av boligfeltet.*

*Ved å legge veien langs eleven vil en også unngå flere kryss og det vil også være et argument for trafikksikkerheten. Spesielt vil krysset ved ballbanen være en fare for trafikksikkerheten.*


*Vi ber kommunen tenke langsiktig og se at ved en ytterligere utviding av byggefeltet i framtiden vil dette være den beste løsningen for trafikksikkerhet i forhold til trafikkmengde og støy for hele feltet.*

**Austrheim kommune sin kommentar til merknaden:** Austrheim kommune har som kommentar at me tek merknaden til Blomhaugane velforening til etterretning når det gjeld vegtilkomst til bustadområdet B09. Dette er og i samsvar med formannskapet sin uttale datert den 24.09.2020. Austrheim kommune viser eller til merknadskjema til ABO plan & arkitektur datert den 02.11.2020 og slutter seg til denne.

**Om vegplanlegginga i bustadfeltet:**

Den regulerte tilkomstvegen til bustadfeltet i nord vil vera om lag 330 meter lang frå avkjøringsstaden til der bustadfeltet B09 byrjar. Med å leggja tilkomstvegen her kan kommunen ta omsyn til naboar inne i eksisterande bustadområde. Vegtilkomst på langs elva til vert kostbar og arealkrevande, men denne løysinga er nokolunde i samsvar med reguleringsplanen frå 1982.





### Tilkomstveg som vert vist på plankartet over er frå reguleringspanen frå 1982

Det er ein viss flomfare her under ekstremnedbør. Nyaste VA-rammeplanen viser dette på ein oversiktleg måte med kart over nedbørsfelt og avrenning, denne er datert 03.11.2020. Oversiktsteikning i siste VA plan viser kor ny tilkomstveg kryssar elva. Vassføringskapasiteten i røyrer under tilkomstvegen må her vera stor nok i forhold til flaum under situasjonar med ekstremnedbør.

### Vurdering:

Formålet med planendringa har vore å leggja til rette for ei god utvikling av bustadområdet Heiane med utviding med bustadområde B09, og fleire båtplassar i småbåthamna i Finnsvågen. Rådmannen synes dette er gjort på ein fagleg god måte. Totalt vert det regulert inn om lag 25-30 nye bustadeiningar i planområdet. Det vert mogeleg å fortetta nokre stadar på bebygde bustadtomtar framover, men og å byggja på eksisterande hus, utan å måtte søkja om dispensasjon. Dette fordi utnyttingsgraden i denne planendringa har auka i forhold til den eldre reguleringsplanen frå 1982.

Det er Austrheim kommune som eig område B09, her kan kommunen få inntekter av sal av bustadtomtar. Det vil og kunna føra til fleire innbyggjarar i Austrheim kommune, det gir og auka inntekter, men og vekst i kommunen gjennom folketalsauke. Rådmannen ser at bustadtomtar som er lagt ut for sal i Heiane dei seinare åra er lett å selja, om prisen er rett. Nye hus som og er bygd her dei siste åra har vore lett å selja. Bustadområde B09 er elles på om lag 20 dekar. Området er sørvendt og har god utsikt og gode soltilhøve. Avhengig av kva slags hustypar ein byggjer her kan det verta om lag

10-20 nye bustadeiningar her. Rådmannen vil peika på at det er vanleg i slike bustadfelt i dag å regulera til både einebustadar, tomannsbustadar og firmannsbustadar. Dette for å få ein variert bustadstruktur for folk i alle aldersgrupper, men og i ulike prisklassar. Rådmannen meiner at det vil verta ein positiv miljøfaktor for Heiane å få fleire nye innbyggjarar i området. Rådmannen vonar at den nye tilkomstvegen som formannskapet ville ha planlagt til område B09 kan byggjast utan at totalkostnadane vert for store for potensielle utbyggjarar/tomtekjøparar.

Plan- og bygningslova seier dette om endring av reguleringsplanar:

#### **§ 12-14. Endring og oppheving av reguleringsplan**

*For utfylling, endring og oppheving av reguleringsplan gjelder samme bestemmelser som for utarbeiding av ny plan.*

Rådmannen synes elles at planområdet som no vert regulert er eit fornuftig val både av praktiske og planmessige årsaker. Eksisterande område for landbruk som vart tenkt å regulera inn som landbruksområde vart teke ut etter planoppstart, dette for å unngå kostbare arkeologiske undersøkingar. Elva i Heiane-feltet er innafør plangrensa, men landbruksareala på sørsida er ikkje innafør planområdet.

Rådmannen vil peika på at i **Kommuneplanen sin samfunnsdel** som vart godkjent i 2015 står det at det er viktig å få til eit butilbod for alle, og med varierende storleik på bustadane. Fortetting i eksisterande bustadfelt er og eit uttalt mål her. I **Bustadsosial handlingsplan 2013-2020** vedteke den 18.12.2013 er dette og eit viktig tema. Her står det at det og er ei målsetting å legge til rette for at dei som ynskjer det skal få høve til å eige sin eigen bustad. Personar som har vanskar med å koma inn på bustadmarknaden skal og vera ei målgruppe i arealplanlegginga her.

Det er kommunalt vatn og avløp i området, men det trengst trykkforsterking eller nytt høgdebasseng for å få vassforsyning på plass her. VA- planne viser korleis dette kan løysast. Den regulerte tilkomstvegen til feltet vil vera om lag 350 meter lang frå avkjøringsstaden til der bustadfeltet B09 byrjar. Med å leggja tilkomstvegen utanom eksisterande bustadfelt vil me ta gode omsyn til dei som alt bur her. Veggen vil få ein stigning som er i tråd med dagens krav. Rådmannen vil peike på at dette alternativet er vurdert som meir trafikksikkert enn å nytta seg av eksisterande veg som går opp til dei høgastliggjande bustadområda på Heiane.

Det er viktig at det vert sett opp eit gjerde mot elva, men og at gangvegen attmed fotballbana vert opparbeidd samstundes med at den nye tilkomstvegen vert bygd. Rådmannen synes det er positiv at det er gang- og sykkelveg til Arås barne- og ungdomsskule, Austrheim vidaregåande skule og til kommunesenteret frå Heiane. Det er og kort avstand til butikk, kyrkje, busstopp, båthamn og fine turområde frå dette bustadområdet.

Rådmannen vil og framheva at det var viktig i denne reguleringsplanen å regulera inn ein framtidsretta fylkesveg 568 med fortau på strekninga mot Fedje. På denne måten kan Austrheim kommune få regulert på plass naudsynt areal til eit framtidig veganlegg her, som er i samsvar med dagens krav. Det har vore særleg viktig i planarbeidet å kunne løysa dei trafikkale utfordringane langs denne fylkesvegen. Rådmannen synes det var naturleg at kommunen tok innspela frå Statens vegvesen på alvor, når det gjeld deira konklusjon på kva standard me skulle regulera den 680 meter lang fylkesvegen på. Med ein årsdøgntrafikk (ÅDT) (gjennomsnittstal for dagleg trafikkmengde) i dag

på 650 køyrety, og ein framskriven ÅDT om 20 år som er på 1.000 køyrety så måtte kommunen, etter rådmannen sitt syn regulera med **Sa2 vegstandard**.

Finansiering av eit slikt veganlegg, som og er trafikkisikringstiltak regionalt og lokalt er det naturleg å drøfta med vegeigar Vestland fylkeskommune. Rådmannen ser at forslaget har størst konsekvensar for bustadhuset på gnr. 156 bnr. 155, men sidan fortauet kjem på same side som huset er det mogeleg å få på plass avbøtande tiltak her. Det kan vera støyvoll eller skjerming med eit gjerde, men den nyregulerte avkøyringa til huset vil og verta tryggare for brukarane her, og føra til betre sikttilhøve for trafikkantane. Dette huset ligg om lag 3 meter høgare enn dagens veg, og på det næraste om lag 10 meter frå kant køyreveg, bustadtomten har i hovudsak uteområdet sitt på sjøside. Fartsdempande tiltak som det er naturleg å få på plass her er fartsdumpar og skilt som regulerar farten. Dette vert styrt etter veglova, og er ikkje noko som kan regulerast reguleringsplanen her. Med å få på plass busstopp og fortau i tråd med dagens standard vil heile denne vegstrekninga langs fylkesveg 568 verta meir oversiktleg og tryggare for alle.

Rådmannen meiner og at det er formålstenleg å regulera inn fleire båtplassar i Finnsvågen, men og sikra badeplassen her og ålmenta sin bruk betre i strandsona langs fylkesveg 568. I dag er plass til om lag 50 båtar i småbåthamna her. Fleire båtplassar er viktig for folk som bur i områda omkring, og som i dag ikkje har noko tilbod. Det vil og gjera det meir attraktivt å etablere seg i Austrheim kommune. Tilgong til sjø og båtplass er viktig for mange innbyggjarar. Mogelege konflikstar mellom båtfolk og bading er omhandla i føresegna. Fysisk skjerming av badeplassen om sommaren med godt synlege og avsperrande flyteelement kan hjelpa til med det.

Rådmannen synes at *Risiko- og Sårbarheitsanalysen* datert den 31.10.2020 på ein god og oversiktleg måte viser at ingen av de uønska hendingane vert sett på som alvorlege. Rådmannen synes det har vore ein god planprosess. Den 04.06.2019 vart det halde ope folkemøte i samfunnshuset i Austrheim, der vartdet informert om planarbeidet, men det var og mogleg å kome med innspel. Det er etter folkemøtet gjennomført synfaringar i området etter invitasjon og innspel frå lag og privatpersonar i planområdet. På grunn av Korona-epidemien er det ikkje halde folkemøte i 2020. Det synes rådmannen er beklageleg, men på grunn av dette vart høyringsperioden utvida frå den lovpålagte som er minst 6 veker til 10 veker. Dette for å sikra at folk i planområdet hadde god tid til å vurdere plandokumenta og senda merknadar til planframlegget i høyringsperioden. Rådmannen sluttar seg elles til Austrheim kommune sine kommentarar til merknadane i saksutgreinga over og planfirmaet sine vurderingar av desse.

Rådmannen meiner at planendinga som no er klar til godkjenning er godt gjennomarbeidd. Reguleringsføresegner er datert den 23.11.2020. ROS-analyse er datert den 31. oktober 2020. Plankart er datert den 25. november 2020. Planomtale og GH-karta til revidert VA-rammeplan er datert den 03.11.20. Rådmannen rår etter ei samla vurdering til at **Planending for Heiane bustadfelt og reguleringsplan Finnsvågen båthamn med utviding av bustadområde B09, planid. 2018001** kan godkjennast.

## **Konklusjon.**

Austrheim kommune godkjenner planending for Heiane bustadfelt og Finnsvågen med utviding av bustadområde B09, planid. 2018001.



# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
161/20	Formannskapet	PS	03.12.2020
117/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE-033	20/281

## Medfinansiering av drift av vassområda frå 2021-2027- Førespurnad frå Vestland fylkeskommune

### Vedlegg

Førespurnad - medfinansiering av drifta av vassområda frå 2021-2027

Kostnadsfordeling kommunar i tidlegare Hordaland & Aurland & Lærdal 2021-2027

### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune løyver kr. **19.739** til drift av vassområda for 2021. Vidare kostnadsfordeling for åra 2022-2027 må drøftast i politiske fora og med Vestland fylkeskommune. Den naturlege kostnadsfordelinga hadde vore kr. 3 pr. innbyggjar i kvar kommune pr. år i gamle Hordaland fylke. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

### Formannskapet - 161/20 - 03.12.2020

#### FS - behandling:

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka. Ein bør godta dette no, for det er viktig og arbeidet bør ikkje stoppe opp, så bør ein ta ein vurdering framover seinare.

Per Lerøy (Ap) - vi er samde om at vi godtek denne, så får vi heller ta opp i dei rette fora korleis fordelingsnøkkelen skal vere. Kanskje skal det opp i Regionrådet.

Rådmann Liv Løvvik - lurt å ta opp saka i Regionrådet.

Per Lerøy (Ap) sa at fordelingsnøklar som vert oppfatta som urettferdige kan sette interkommunale prosjekt fare.

Asbjørn Toft - saksopplysning i møte: Rådmanen si innstilling frå Alver er at dei ikkje vil vere med på samarbeid, usikkert kva politikarane i Alver gjer.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

## FS - vedtak:

Austrheim kommune løyver kr. **19.739** til drift av vassområda for 2021. Vidare kostnadsfordeling for åra 2022-2027 må drøftast i politiske fora og med Vestland fylkeskommune. Den naturlege kostnadsfordelinga hadde vore kr. 3 pr. innbyggjar i kvar kommune pr. år i gamle Hordaland fylke. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

## Saksopplysninger:

Kommunane har ei viktig rolle i arbeidet med vassforvaltinga i Noreg. Vassforskrifta frå 2007 legg føringar for dette arbeidet og definerer kommunen sine rettar og plikter i dette arbeidet. For å samordne dette arbeidet er landet delt inn i vassregionar og vassområde. Kvar kommune er representert i eit vassregionutval og er medlem i eit vassområdeutval.

Vassområdekoordinator er sekretæren i dette utvalet og skal samordna arbeidet og hjelpe kommunen med å få utført sin del av arbeidet med å få utarbeidd ein vassforvatingsplan. Finansieringa av arbeidet i vassområdeutvalet skal skje med bruk av kommunale, fylkeskommunale og statlege midlar. Vassområdekoordinatorar i Hordaland har no ca. 25 % stilling finansiert av fylkeskommunen. Vår erfaring er at så låg stillingsprosent ikkje er tilstrekkeleg til å hjelpe kommunane med sitt ansvar innan vassforvaltning. Vassområdekoordinator vil då betre kunne rådgje og hjelpe kommunane med å få utført det pålagde arbeidet slik at miljømåla kan bli nådd og arbeidet utført i samsvar med nasjonale føringar. Viktige oppgåver for vassområdekoordinator er å vere pådrivar og rådgjevar for kommunane.

Vestland fylkeskommune har no eit ynskje om at kommunane i Vestland kan vera med å finansiera arbeidet med dette arbeidet. Sjå vedlegg **Førespurnad -medfinansiering av drifta av vassområda**, datert den 01.10.2020. Dei har og vist til fordelingsnøkkel i vedlagt **Kostnadsfordeling kommunar i tidlegare Hordaland & Aurland & Lærdal 2021-2027**.

### Årsbudsjett for kvart vassområde i perioden 2022-2027:

Løn vassområdekoordinator i 50 % stilling:	kr 400 000
Miljøovervaking / kartleggingar:	kr 150 000
Reise, møte, drift	kr 50 000
Sum drift vassområdet	kr 600 000

Vassforskrifta vart sett i verk 01.01.2007. Gjennom vassforskrifta har Noreg slutta seg til EU sitt vassdirektiv. Direktivet legg opp til ei heilskapleg forvaltning av grunnvatn, fersk- og kystvatn. Vassforskrifta seier at alle vassførekomstar skal ha minimum god økologisk og kjemisk tilstand. Vassforskrifta er heimla i Plan- og bygningslova, Ureiningslova, Vassressurslova og anna lovverk.

Vestland fylkeskommune har lagt opp til ein fordelingsnøkkel mellom kommunane med 30 % likt

beløp for kvar kommune, 35 % fordelt etter folketal og 35 % fordelt etter jordbruksareal i aktiv drift.

Til no har Austrheim kommune bidratt med sin eigeninnsats til dette arbeidet og fylket har teke kostnaden med prosjektilsette.

Austrheim kommune sin kostnad pr. år frå 2022 til og med 2027 med Fylkeskommunen sitt forslag til kostnadsfordeling og i vårt vassområde er på **kr. 39.478**. Austrheim kommune sin kostnad i 2021 med Fylkeskommunen sitt forslag til kostnadsfordeling er på **kr. 19.739**.

Til saman vil arbeidet med drift av vassområde kosta Austrheim kommune **kr 256.607** med fylkeskommunen sitt forslag til kostnadsfordeling frå år 2021 fram til og med 2027. Nedanfor er det vist døme på korleis denne kostnadsfordelinga slår ut i dei ulike vassområda:

Stord kommune med om lag **19.000** innbyggjarar skal betala om lag **48.000** pr. år frå 2022 til og med 2027. Tysnes med om lag **2900** innbyggjarar skal betala om lag **23.000** pr. år frå 2022 til og med 2027. Tysnes er på mange måtar lik Austrheim kommune i folketal og landbruksareal, men sidan dei ligg i ait anna vassområde vert det ein heilt annan kostnad, totalt **kr. 150.683** frå år 2021 fram til og med 2027. Det er om lag kr. 106.000 mindre enn Austrheim kommune.

Bergen kommune med om lag **285.000** innbyggjarar skal betala om lag **155.000** pr. år frå 2022 til og med 2027 (i to vassområde, kommunedelen på 30% tel berre i det eine vassområdet). Øygarden kommune med om lag **38.000** innbyggjarar skal betala om lag **45.000** pr. år frå 2022 til og med 2027.

På grunn av at kommunedelen for Bergen kommune og Alver kommune berre tel i eit vassområde er det kommunane Voss, Vaksdal, Osterøy og Modalen som sponsar desse to kommunane i Vassområde Voss-Osterfjorden.

Alver kommune med om lag **29.000** innbyggjarar skal betala om lag **215.000** pr. år frå 2022 til og med 2027 (i to vassområde, kommunedelen på 30% tel berre i det eine vassområde). Fedje kommune med om lag **550** innbyggjarar skal betala om lag **25.000** pr. år frå 2022 til og med 2027. Modalen kommune med om lag **390** innbyggjarar skal og betala om lag **25.000** pr. år frå 2022 til og med 2027.

## **Vurdering:**

Rådmannen forstår at Vestland fylkeskommune er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og difor ynskjer eit spleiselag med kommunane i dette arbeidet. Fordelingsnøkkelen som Vestland fylkeskommune føreslår synes rådmannen ikkje er fornuftig eller rettvís. Bergen kommune har eit stort folketal og Voss kommune har eit stort landbruksareal. Det at fordelingsnøkkelen legg opp til at Fedje og Modalen som er små kommunar skal bidra med 30 % kvar som kommune viser og kor urettvís denne fordelingsnøkkelen er. I Modalen sitt vassområde tel heller ikkje kommunedelen til

Alver. Her betalar Alver kommune om lag 17.000 kroner, Modalen om lag kr. 25.000.

Det at berre eit næringsparameter (35 % fordelt etter jordbruksareal i aktiv drift) er bruk for fordelingsnøkkelen er og noko spesielt. Også med tanke på at utslepp frå anna næringsliv, separate avløp frå private hus og hytter, avløp frå store offentlege bygg og institusjonar, avrenning frå offentlege vegar og store utbyggingar (ofte i sentrale strøk). Ureining frå havbruksnæringa, men og kraftutbyggingar kan ha uheldige konsekvensar for våre vassførekomstar. Rådmannen er klar over at jordbruksareal i drift kan gje avrenning til vassdrag og påverka desse, men å leggja ein fordelingsnøkkel på 35% er alt for høgt her.

Fylkeskommunen i Vestland kunne etter rådmannen si vurdering lagt opp til ein fordelingsnøkkel mellom kommunane med maksimum 10 % på kvar kommune, minst 80 % fordelt etter folketal og maksimum 10 % fordelt etter jordbruksareal i aktiv drift. Dette hadde vorte meir rettferdig for alle kommunane, små og store i folketal. Alternativet og det beste etter rådmannen sitt syn er det som **Bergen og Omland Friluftsråd** bruker i si kostnadsfordeling, det er etter folketalet i kvar medlemskommune. Eit alternativt kan då verta at kr. 300.000 kroner som er kostnaden i kvart vassområde vert delt på folketalet i kvar kommune i vassområdet. Men alt heng saman med alt, det gjeld og våre sjø og fjordområde som heng saman uavhengig av kommunestruktur og talet på kommunar. Alle våre bekkar og elvar hamnar og til slutt i våre felles fjorda og havområde.

**Difor meiner rådmannen at ein annan og meir rettvis løysing som og er uavhengig av kommunestrukturen og storleiken på vassområda, er at totalbeløpet for kommunane i dei fem vassområde som er på 1,5 mill pr. år vert delt på alle innbyggjarane i Hordaland (om lag 525.000 menneske). Då ville kvar kommune i gamle Hordaland fylke betalt kr. 3 pr innbyggjar pr. år.** Då hadde Alver kommune betalt om lag kr. 90.000 pr år, Modalen kr. 3.900 pr år, Fedje om lag kr. 5.500 pr år og Austrheim og Tysnes om lag kr 9.000 pr år.

Rådmannen meiner difor at den føreslåtte kostnadsfordelinga frå Vestland fylkeskommune er noko politikarane i kommunane bør drøfta nærare før denne vert godteke. Rådmannen vil og peika på at innhaldet i skrevet **Kostnadsfordeling kommunar i tidlegare Hordaland & Aurland & Lærdal 2021-2027** vil kunne laga premiss for seinare forslag til økonomiske fordelingar i andre saker som gjeld kommunane i nye Vestland fylke.

Rådmannen meiner at for at dette viktige arbeidet ikkje skal stoppa opp på grunna av økonomiske årsaker bør Austrheim kommune løyva kr. **19.739** til dette arbeidet for året 2021. Men for åra 2022-2027 må det utarbeidast ein meir rettferdig kostnadsfordeling enn kva Vestland fylkeskommune legg opp til, om Austrheim kommune skal vera med på dette spleiselaget vidare. Rådmannen rår til at dette temaet vert drøfta vidare i naturlege fora der kommunane og ordførarar møtes, gjerne i regionrådet for Nordhordland i første omgang.

### **Konklusjon:**

Austrheim kommune løyver kr. **19.739** til drift av vassområda for 2021. Vidare rettvis kostnadsfordeling for åra 2022-2027 må drøftast i politiske fora med Vestland fylkeskommune.





# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
137/20	Formannskapet	PS	11.11.2020
118/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE-231	14/1606

## Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2021 - Godkjenning

### Vedlegg

Austrheim Gebyrmaal2%revidert 2021

### Framlegg til vedtak:

Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2021 vert godkjent slik den ligg føre. Gebyrsatsane trer i kraft den 01.01.2021.

Vedtaket er heimla i Plan og bygningslova § 33, Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32, Konesjonslov, forskrift om gebyr heimla i forvaltingslova § 27 a, Forskrift nr. 864 heimla i Lov om eigarseksjonar § 7 og Forskrift nr. 98 heimla i Lov om vern mot forureining § 52 og lov om hamner og farvann § 6.

### Formannskapet - 137/20 - 11.11.2020

### FS - behandling:

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, der ein justerer satsane med kring 2 prosent.

På spørsmål frå ordførar Per Lerøy (Ap) svara Toft at gebyra i nabokommunane er nokolunde like. Kan vera litt dyrare byggesaksgebyr i Alver, der det er meir komplekse saker, og i Bergen som har høgare nivå på plandetaljar. Nivået i Austrheim er slik at folk søker om tiltak dei vil gjennomføra.

Ordførar Lerøy la til at administrasjonen må vera sikre på at gebyrnivået er omlag likt med nabokommunane, slik at ein ikkje taper i konkurransen med nabokommunar når folk ønskjer å byggja.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

## **FS - vedtak:**

Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2021 vert godkjent slik den ligg føre. Gebyrsatsane trer i kraft den 01.01.2021.

Vedtaket er heimla i Plan og bygningslova § 33, Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32, Konesjonslov, forskrift om gebyr heimla i forvaltingslova § 27 a, Forskrift nr. 864 heimla i Lov om eigarseksjonar § 7 og Forskrift nr. 98 heimla i Lov om vern mot forureining § 52 og lov om hamner og farvann § 6.

## **Saksopplysninger:**

Gebyr for handsaming etter plan- og bygningslov, matrikkellov, lov om eigarseksjonar, forureiningslov, jordlov og konsesjonssaker vert gjort i medhald av gjeldane lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste i Austrheim kommune. Det er avdelinga for plan, bygg, oppmåling og miljø som i hovudsak handsamar desse forvaltningssakene. Kommunane som samarbeider gjennom Nordhordland Digital har felles gebyrmal for handsaming av saker innan teknisk forvaltningssektor, dette gjeld og Austrheim kommune. Nordhordland digitalt er eit organ der 10 kommunar samarbeider om utvikling av e-kommunen, kartverk, geografiske informasjonssystem (GIS), felles prosedyrar for handtering av plan- og byggjesaker og felles prosedyrar for handtering av oppmålingsaker/matrikkelen og adressering. Austrheim kommune kan krevje gebyr for enkeltsaker i bygge- og dispensasjonssak. Handsaming av klagesaker og tilsyn er lovpålagte oppgåver som kommunen ikkje kan krevje ekstra gebyr for. Desse oppgåvene skal dekkast inn gjennom basisgebyr i ordinære bygge- og dispensasjonssaker. Det er mange saker elles som Austrheim kommune ikkje kan få inn gebyrinntekter på, det gjeld kommuneplanarbeid, kommunedelplanar, områdeplanar og uttalar. Dette kan og vera saker som har med konsesjonar å gjera som t.d. kraftleidningsaker, men og havbrukssaker og utsleppsløyve. Veileding, informasjon og rettleiing er og noko Austrheim kommune gjer i tråd med forvaltingslova og god forvaltningsskikk, det tek kommunen heller ikkje gebyr for. Det kjem etter slik veileidning/synfaring ofte inn gode byggje – og delingssøknadar. Målet vårt er at gebyrinntektene skal dekke dei reelle kostnadene med arbeidet med sakshandsaminga ved dei ulike tenestene i avdelinga for plan, bygg, oppmåling og miljø. Avgiftsgrunnlaget er alltid usikkert. Endringane i lovverket kan og koma som gjer at tiltak skal handsamast på ein annan måte. Gebyrinntektene i 2021 er og avhengig av tal saker/søknadar som kjem inn. Godkjenning av kommuneplanen sin arealdel i 2019 har ført til færre dispensasjonssaker, men fleire søknadar som har vore i tråd med plan. Dei er ofte enklare å handsama, det gjer og fornøgdde innbyggjarar/søklarar.

Kart- og oppmålingsarbeidet, men og matrikellarbeidet (eigedomsopplysingar) og grensejusteringar er og oppgåver som vert gjort fortløpande, det er mange slike saker i løpet av året. Dei vert løyst på ein god måte av vår oppmålingsingeniør. Det at me elles har mange nyare reguleringsplanar i dei mest utbygde områda i Austrheim gjer at mange søknadar som kjem inn er kurante og raske å handsama. Austrheim kommune har elles ein praksis som på fleire vis slår bra ut for dei som søker, mellom anna ved at det er eitt gebyr på ein dispensasjonssøknad, sjølv om det er fleire dispensasjonar det vert søkt om i ei sak. I arbeidet med kommuneplanen var det og lagt til rette for

fortetting, men og igangsetting av ulike tiltak som gjer at innbyggjarane slepp å søka dispensasjon for å få tiltaka gjennomførte. Det har elles i 2020 vore ein del arbeid med tilsyn, ureiningsaker og oppfølging av ulovlege, og gjerne ikkje omsøkte tiltak. Ny byggesakshandsamar kom på plass i juni 2020, dei vanskelege sakene som det ikkje er fristar på vart difor ikkje prioritert før i det siste halvåret. Det første halvåret vart saker som bygde landet prioriterte.

### **Vurdering:**

Rådmannen vil informera om at det er viktig at gebyrregulativet inneheld alle tenester det er aktuelt å krevje gebyr for i den aktuelle kommunen. Så er det opp til den einskilde kommune å setje gebyrsatsen i forhold til kostnadar kommunen har med sakene. Rådmannen vil peika på at i tråd med målet om at gebyrinntektene skal dekke arbeidskostnadene ved dei ulike tenestene, vert det lagt fram forslag om auke i gebyrsatsane i samsvar med konsumprisindeksen. I samsvar med kommunen sin økonomi og handlingsrom framover vert det difor gjort framlegg om å auke gebyra noko knytt til plan- og byggesaksdelen av plan- og bygningslova, matrikkellova og forureiningslova.

Rådmannen vil opplyse om at handsaming av klagesaker og tilsyn er lovpålagte oppgåver som kommunen ikkje kan krevje ekstra gebyr for. Desse oppgåvene skal dekkast inn gjennom basisgebyr i ordinære bygge- og dispensasjonssaker. I 2020 har kommunen hat nokre saker som krev dispensasjon frå arealdel av gjeldane planar, og byggeforbodet i 100 metersbeltet langs sjø. Dette er saker som krev mykje resursar pr. sak, dei som vert påklaga går vidare til Fylkesmannen i Vestland til endeleg avgjerd. Ei slik sak, men og byggjesaker der naboar klagar formelt på vedtaket kan det vera like mykje arbeid på som 20-25 vanlege byggjesaker.

Gebyr for handsaming av saker etter plan- og bygningslova er no vorte på same nivå i Austrheim kommune som i andre kommunar i Nordhordland. Dette sjølv om kompleksiteten er større i tettstadar som til dømes Knarvik og Frekhaug, her vert det gjerne og fleire klagesaker å handsama.

Rådmannen ser at gebyrinntektene varierer frå år til år, utifrå byggjeaktiviteten, tal delingsaker og omfanget av dei private reguleringsplanane. Rådmannen meiner at satsane generelt bør aukast med om lag 2 % for å halda på målet om å dekkja den same del som før av arbeidskostnadane på avdelinga for plan, bygg, oppmåling og miljø. Rådmannen vil understreka at kommunen får gode tilbakmeldingar frå innbyggjarar og næringslivet på tenestene kommunen gjer på forvaltningssida. Det er og hamneavgifter i gebyrregulativet, dette for å kunne vedlikehalda mellom anna den kommunale molokaien i Nordre Fønnesvågen, desse er ikkje justert her.

For 2021 gjer rådmannen framlegg om å auke gebyra knytt til plan- og bygningslova, matrikkellova (oppmåling) og forureiningslova med nokre unntak med om lag 2 %, jf. vedlagt rekneark med

oppsett. Rådmannen rår til at gebyrregulativet for 2021 vert godkjent slik det ligg føre i vedlegg.

**Konklusjon:**

Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2021 vert godkjent slik den ligg føre i vedlegg. Gebyrsatsane trer i kraft den 01.01.2021.

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
142/20	Formannskapet	PS	11.11.2020
119/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jannicke Kalland Njøten	FE-231	20/4796

### Betaling for dagsenterplass på Nordliheimen 2021

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek at betaling for dagsenterplass (inkl. lunsj) ved Nordliheimen vert fastsett til kr. 164,- pr. dag. Dette er ei auke på 2,2%.

#### Formannskapet - 142/20 - 11.11.2020

#### FS - behandling:

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til sakframlegget.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

#### FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek at betaling for dagsenterplass (inkl. lunsj) ved Nordliheimen vert fastsett til kr. 164,- pr. dag. Dette er ei auke på 2,2%.

#### Saksopplysninger:

#### Vurdering

Betaling for dagsenterplass ved Nordliheimen vert auka frå kr. 160,- til kr. 164,- pr. dag.

## **Konklusjon**

Austrheim kommunestyre vedtek at betaling for dagsenterplass (inkl. lunsj) ved Nordliheimen vert fastsett til kr. 164,- pr. dag. Dette er ei auke på 2,2%.

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
141/20	Formannskapet	PS	11.11.2020
120/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jannicke Kalland Njøten	FE-231	20/4795

### Betaling for følgjeteneste for ikkje lovpålagde tenester 2021

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen med 2,2% for følgjeteneste i 2021.

Prisen vert då:

For følgjeteneste: kr. 102,-

Pr. oppdrag heimetenesta utfører: kr. 75,-

#### Formannskapet - 141/20 - 11.11.2020

#### FS - behandling:

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til sakframlegget.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

#### FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen med 2,2% for følgjeteneste i 2021.

Prisen vert då:

For følgjeteneste: kr. 102,-

Pr. oppdrag heimetenesta utfører: kr. 75,-

#### Saksopplysninger:



## **Vurdering**

Eigenandelen vert auka frå kr. 100,- til kr. 102,- for følgjeteneste og frå kr. 73,- til kr. 75,- pr. oppdrag der heimetenesta utfører tenesta.

## **Konklusjon**

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen med 2,2% for følgjeteneste i 2021.

Prisen vert då:

For følgjeteneste:                      kr. 102,-

Pr. oppdrag heimetenesta utfører:      kr. 75,-

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
140/20	Formannskapet	PS	11.11.2020
121/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jannicke Kalland Njøten	FE-231	20/4798

### Betaling for heimetenester 2021

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre aukar satsen for betaling av heimetenester med 2,2% for 2021. Husstader med inntekt inntil 2 G (kr. 201.706,-)har ein eigendel pr. månad for heimetenester som vert regulert statleg.

	Betaling for mnd	Timepris
2 – 3 G	Kr. 721,-	Kr. 189,-
3 – 4 G	Kr. 905,-	Kr. 291,-
4 – 5 G	Kr. 1261,-	Kr. 325,-
Over 5 G	Kr. 1597,-	Kr. 367,-

#### Formannskapet - 140/20 - 11.11.2020

#### FS - behandling:

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til sakframlegget.

Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

#### FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre aukar satsen for betaling av heimetenester med 2,2% for 2021. Husstader med inntekt inntil 2 G (kr. 201.706,-)har ein eigendel pr. månad for heimetenester som vert regulert statleg.

	Betaling for mnd	Timepris
2 – 3 G	Kr. 721,-	Kr. 189,-
3 – 4 G	Kr. 905,-	Kr. 291,-
4 – 5 G	Kr. 1261,-	Kr. 325,-

Over 5 G	Kr. 1597,-	Kr. 367,-
----------	------------	-----------

## Saksopplysninger:

### Vurdering

Satsen for betaling av heimetenester auker med 2,2% og vert som følgjer:

	Betaling pr. mnd frå	Timepris frå	Betaling pr mnd til	Timepris til
2 – 3 G	Kr. 705,-	Kr. 185,-	Kr. 721,-	Kr. 189,-
3 – 4 G	Kr. 886,-	Kr. 285,-	Kr. 905,-	Kr. 291,-
4 – 5 G	Kr. 1234,-	Kr. 318,-	Kr. 1261,-	Kr. 325,-
Over 5 G	Kr. 1563,-	Kr. 359,-	Kr. 1597,-	Kr. 367,-

### Konklusjon

Austrheim kommunestyre auker satsen med 2,2% for betaling av heimetenester for 2021. Husstander med inntekt inntil 2 G (Kr. 201.706,- har ein eigendel pr. månad for heimetenester som vert regulert statleg.

	Betaling for mnd	Timepris
2 – 3 G	Kr. 721,-	Kr. 189
3 – 4 G	Kr. 905,-	Kr. 291,-
4 – 5 G	Kr. 1261,-	Kr. 325,-
Over 5 G	Kr. 1597,-	Kr. 367,-

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
139/20	Formannskapet	PS	11.11.2020
122/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jannicke Kalland Njøten	FE-231	20/4794

### Betaling for middag og lunsj 2021

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen for middag og lunsj med 2,2%

Prisen vert slik:

Hente sjølv: kr. 95,-

Heimkjørt: kr. 105,-

Spise på Nordliheimen: kr. 105,-

Spise lunsj på Nordliheimen: kr. 63,-

#### Formannskapet - 139/20 - 11.11.2020

#### FS - behandling:

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til sakframlegget.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

#### FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen for middag og lunsj med 2,2%

Prisen vert slik:

Hente sjølv: kr. 95,-

Heimkjørt: kr. 105,-

Spise på Nordliheimen: kr. 105,-

Spise lunsj på Nordliheimen: kr. 63,-

## **Saksopplysninger:**

### **Vurdering**

Ein foreslår å auke prisen med 2,2%.

Prisen for middag som ein henter sjølv auker frå kr. 93,- til kr. 95,-

Prisen for middag heimkjørt auker frå kr. 103,- til kr. 105,-

Prisen for å spise middag på Nordliheimen auker frå kr. 103,- til kr. 105,-

Prisen for å spise lunsj på Nordliheimen auker frå kr. 62,- til kr. 63,-

### **Konklusjon**

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen for middag og lunsj med 2,2%.

Prisen vert slik:

Hente sjølv:                      kr. 95,-

Heimkjørt:                        kr. 105,-

Spise på Nordliheimen:        kr. 105,-

Spise lunsj på Nordliheimen:    kr. 63,-

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
138/20	Formannskapet	PS	11.11.2020
123/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jannicke Kalland Njøten	FE-231	20/4797

## Betaling for tryggleiksalarm 2021

### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke betalingsatsen for tryggleiksalarm med 2,2% for 2021.

Dei nye satsane blir:

Kr. 280,- for dei med inntekt inntil 2 G

Kr. 451 for dei med inntekt over 2 G

### Formannskapet - 138/20 - 11.11.2020

#### FS - behandling:

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til sakframlegget.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

#### FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke betalingsatsen for tryggleiksalarm med 2,2% for 2021.

Dei nye satsane blir:

Kr. 280,- for dei med inntekt inntil 2 G

Kr. 451 for dei med inntekt over 2 G

#### Saksopplysninger:

## **Vurdering**

Betaling for tryggleiksalarm vert auka med 2,2%.

## **Konklusjon**

Austrheim kommunestyre vedtek å auke betalingssatsen for tryggleiksalarm med 2,2% for 2021.

Dei nye satsane blir:

Kr. 280,- for dei med inntekt inntil 2 G

Kr. 451,- for dei med inntekt over 2 G

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
148/20	Formannskapet	PS	03.12.2020
124/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-231	20/4861

### Gebyr alkohol- og tobakkssaker 2021

#### Vedlegg

Helsedirektoratet informerer om nye gebyrsatser i alkoholforskriften § 6-2

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune nyttar dei satsane som er fastsette i sentrale lover og forskrifter, og oppdaterer våre satsar når lovgjevar endrar sine.

#### Formannskapet - 148/20 - 03.12.2020

#### FS - behandling:

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

#### FS - vedtak:

Austrheim kommune nyttar dei satsane som er fastsette i sentrale lover og forskrifter, og oppdaterer våre satsar når lovgjevar endrar sine.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn



Kommunen fører kontroll med salsløyve for alkohol, skjenkeløyver (faste/ ambulerande/ einskildhøve), og med sal av tobakk. Dette vert gjennomført med bruk av kontrollørar som jobbar på timebasis (interkommunalt samarbeid). Gebyra er med på å finansiera kontrollarbeidet.

### **Vurdering**

I den nyleg vedtekne alkoholpolitiske handlingsplanen er det nedfelt som prinsipp at Austrheim kommune nyttar dei til kvar tid gjeldande satsar for sals- og skjenkeavgift, jamfør lov og forskrift.

Som døme på justeringa, så går gebyret for ambulerande gebyr opp med 10 kroner frå 2020 til 2021.

### **Konklusjon**

Austrheim kommune nyttar dei satsane som er fastsette i sentrale lover og forskrifter, og oppdaterer våre satsar når lovgjevar endrar sine.

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
154/20	Formannskapet	PS	03.12.2020
125/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FE-231	20/4846

## Gebyr- og betalingssetter oppvekst og kultur for 2021

### Vedlegg

Framlegg til gebyr og betalingssetter oppvekst og kultur for 2021 versjon 1.2

### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek gebyr- og brukarbetalingar for oppvekst og kultur slik det går fram av vedlagte hefte «Framlegg til gebyr og betalingssetter oppvekst og kultur for 2021».

### Formannskapet - 154/20 - 03.12.2020

#### FS - behandling:

Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

#### FS - vedtak:

Kommunestyret vedtek gebyr- og brukarbetalingar for oppvekst og kultur slik det går fram av vedlagte hefte «Framlegg til gebyr og betalingssetter oppvekst og kultur for 2021».

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

Framlegg til gebyr- og betalingssetter for 2021 – oppvekst og kultur følger er stort sett i tråd med forventede anslag av lønnsvekst ved den kommunale deflatoren for 2021 på 2,2 %. Kommunal deflator for pris- og lønnsvekst for 2021 er sett til 2,7 %.

I framlegget har vi også samanlikna korleis vi ligg samanlikna med nærliggjande kommunar på same tenester. Nivået er nokså likt, men noko avvik. Det er runda opp til heile tal.

Kulturskuletilbodet er kun justert med små endringar. Ein følgjer stort sett sjølvkost der det er grunnlag for det. Det vert utarbeidd egne avtalar når ein nyttar dirigent til ulike prosjekt. Elevpris varierer noko mellom kulturskulane i omegnskommunane og i Austrheim ligg vi litt under det som omegnskommane tek.

I barnehage følgjer vi nasjonal makspris. Dersom det vert gjort endringar i samband med nasjonale føringar, ber ein om ein får mynde til å tilpassa opp mot desse. Endringa på maksprisen frå 2020 til 2021, legg staten opp til ei auke på 3 %.

I Skulefritidsordninga (SFO) er det lagt inn lik praksis på for sein henting som vi har i barnehagane. Dette har ikkje lagt inne tidlegare. I følgje vedtektene til Skulefritidsordninga (vedteken i 2015) er det gitt mynde til Formannskapet å gje retningsliner og setje sats for «for sein henting» på SFO.

## **Vurdering**

Gebyr- og betalingssatsar for oppvekst og kultur, er gjort greie for i vedlagt hefte «Framlegg til

## **Konklusjon**

Rådmannens tilråding til vedtak:

*Kommunestyret vedtek gebyr- og brukarbetalingar for oppvekst og kultur slik det går fram av vedlagte hefte «Framlegg til gebyr og betalingssatsar oppvekst og kultur for 2021».*

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
150/20	Formannskapet	PS	03.12.2020
126/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE-231	20/4860

### Gebyr slam 2021

#### Framlegg til vedtak:

- Årleg gebyr septikslam med tøming kvart år kr 1584
- Årleg gebyr septikslam med tøming kvart 2. år kr 792
- Årleg gebyr septikslam med tøming kvart 4. år kr 396
- Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar kr 320
- Ekstratøming inntil 4,5 kubikk kr 2 995
- Naudtøming inntil 4,5 kubikk kr 5 990
- Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk kr 524
- Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk kr 1047

Alle tal er utan MVA.

#### Formannskapet - 150/20 - 03.12.2020

#### FS - behandling:

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

#### FS - vedtak:

- Årleg gebyr septikslam med tøming kvart år kr 1584
- Årleg gebyr septikslam med tøming kvart 2. år kr 792
- Årleg gebyr septikslam med tøming kvart 4. år kr 396
- Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar kr 320

- Ekstratøming inntil 4,5 kubikk kr 2 995
- Naudtøming inntil 4,5 kubikk kr 5 990
- Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk kr 524
- Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk kr 1047

Alle tal er utan MVA.

## **Saksopplysninger:**

### **Bakgrunn**

Slamtømming vert ordna gjennom det interkommunale selskapet NGIR. Representantskapet i NGIR gjorde vedtak om kva gebyrsatsar NGIR vil tilrå kommunane å vedta for 2021. For ytterlegare bakgrunnsinformasjon sjå skrivet frå NGIR

### **Konklusjon**

Rådmann tilrår at satsane fastsett av representantskapen i NGIR har tilrådd.

- Årleg gebyr septikslam med tøming kvart år kr 1584
- Årleg gebyr septikslam med tøming kvart 2. år kr 792
  
- Årleg gebyr septikslam med tøming kvart 4. år kr 396
- Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar kr 320
- Ekstratøming inntil 4,5 kubikk kr 2 995
- Naudtøming inntil 4,5 kubikk kr 5 990
- Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk kr 524
- Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk kr 1047

Alle tal er utan MVA.

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
149/20	Formannskapet	PS	03.12.2020
127/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE-231	20/4854

### Avløpsavgift 2021

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek ny kloakkavgift frå 01.01.2021. Avgiftene vert uendra frå 2020. Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

	Areal	Avgiftsareal	Årsavgift
Bustad/hytte inntil	90 m <sup>2</sup>	80 m <sup>2</sup>	3.737,-
Bustad/hytte over	90 m <sup>2</sup>	130 m <sup>2</sup>	6.081,-
Minsteavgift andre bygg	100 m <sup>2</sup>		4.039,-
Bygg med målt forbruk		Pr m <sup>3</sup>	30,24
Fast avgift målar			1.041,-

### Tilknytingsavgift for 2021

	Avgift inkl. mva
Tilknytning bustad/hytte	26.395,-
Tilknytning andre bygg med under 50mm vassinntak	26.395,-
Tilknytning andre bygg med over 50mm vassinntak	52.790,-

## Formannskapet - 149/20 - 03.12.2020

### FS - behandling:

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek ny kloakkavgift frå 01.01.2021. Avgiftene vert uendra frå 2020. Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

	Areal	Avgiftsareal	Årsavgift
Bustad/hytte inntil	90 m <sup>2</sup>	80 m <sup>2</sup>	3.737,-
Bustad/hytte over	90 m <sup>2</sup>	130 m <sup>2</sup>	6.081,-
Minsteavgift andre bygg	100 m <sup>2</sup>		4.039,-
Bygg med målt forbruk		Pr m <sup>3</sup>	30,24
Fast avgift målar			1.041,-

### Tilknytingsavgift for 2021

	Avgift inkl. mva
Tilknytning bustad/hytte	26.395,-
Tilknytning andre bygg med under 50mm vassinntak	26.395,-
Tilknytning andre bygg med over 50mm vassinntak	52.790,-

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

Kommunen har utfordrande oppgåver på avløp sektoren i åra framover. Kloakkavgifta vart derfor auka med 45% frå 01.07.19. Ein rår derfor til at kloakkavgifta no vert uendra frå 2020 til 2021. Tilknytingsavgifta vert sett lik tilknytning for vassleidning.

Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

## **Vurdering**

Ein forventar å oppnå selvkost i 2020.

## **Konklusjon**

Austrheim kommunestyre vedtek ny kloakkavgift frå 01.01.2021. Avgiftene vert uendra frå 2020.

Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.



## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
152/20	Formannskapet	PS	03.12.2020
128/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE-231	20/4855

### Vassavgift 2021

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek reduksjon på 25% i årlege vassavgifter frå 1.1.21

Avgiftene for 2021 vert:

Årlege:	Areal- grunnlag m <sup>2</sup>	Avgiftsareal	Avgift inkl. mva.
Bustad/hytte inntil	90 m <sup>2</sup>	80 m <sup>2</sup>	3.548,-
Bustad/hytte over	90 m <sup>2</sup>	130	5.773,-
Minsteavgift for andre bygg	100 m <sup>2</sup>		3.687,-
Bygg med målt forbruk pr. m <sup>3</sup>		Pr. m <sup>3</sup>	24.39
Fast avgift målar			1.011,-

Tilknytning bustad/hytte over	90 m <sup>2</sup>	26.395,-
Tilknytning andre bygg med inntil 50 mm inntak		26.395,-
Tilknytning andre bygg med over 50 mm inntak		52.790,-

### Formannskapet - 152/20 - 03.12.2020

### FS - behandling:

Det har vore gjort eit etterkalkyle og avgifta kan settast ned, det blir 10 % reduksjon

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek reduksjon på 25% i årlege vassavgifter frå 1.1.21

Avgiftene for 2021 vert:

Årlege:	Areal- grunnlag m <sup>2</sup>	Avgiftsareal	Avgift inkl. mva.
Bustad/hytte inntil	90 m <sup>2</sup>	80 m <sup>2</sup>	3.548,-
Bustad/hytte over	90 m <sup>2</sup>	130	5.773,-
Minsteavgift for andre bygg	100 m <sup>2</sup>		3.687,-
Bygg med målt forbruk pr. m <sup>3</sup>		Pr. m <sup>3</sup>	24.39
Fast avgift målar			1.011,-

Tilknytting bustad/hytte over	90 m <sup>2</sup>	26.395,-
Tilknytting andre bygg med inntil 50 mm inntak		26.395,-
Tilknytting andre bygg med over 50 mm inntak		52.790,-

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

Gebyret for 2020 vart sett opp med 25%, etterkalkyle viser at ein no kan redusere med 10% .

#### Vurdering

#### Konklusjon



## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
153/20	Formannskapet	PS	03.12.2020
129/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE-231	20/4856

### Feieavgift 2021

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek følgjande gebyr for feiing og tilsyn for bustadhus og lik gebyr for fritidshus og hytter frå 01.01.2021.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	480,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	636,-

Tenesta vert betalt med fast årleg sum som er lik for alle abonnentar. Beløpet er rekna ut som gjennomsnittspris pr.pipe

Feiing og tilsyn gjeld berre for hus, fritidshus og hytter med montert eldstad/fyringsanlegg.

#### Formannskapet - 153/20 - 03.12.2020

#### FS - behandling:

Det er blitt feil i framlegg til vedtak i sakspapiret, avgift skal vere som i saksutgreiing, kr 581,- for 1 pipe og kr 768,- for to

Framlegg til vedtak blir:

Årleg gebyr for feiing og tilsyn, 1 pipe, kr 581,-

Årleg gebyr for feiing og tilsyn 2 piper, kr 768,-

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes vedteke som i saksutgreiinga.

### FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek følgjande gebyr for feiing og tilsyn for bustadhus og lik gebyr for fritidshus og hytter frå 01.01.2021.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	581,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	768,-

Tenesta vert betalt med fast årleg sum som er lik for alle abonnentar. Beløpet er rekna ut som gjennomsnittspris pr.pipe

Feiing og tilsyn gjeld berre for hus, fritidshus og hytter med montert eldstad/fyringsanlegg.

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

Feieavgift for 2021. Kommunen har for 2020 ca 1200 piper, herav er abonnenter som har hus med 2 piper ca 75. Frå 2017 skal og hytter og fritidshus ha feiing og tilsyn. Kostnad med dette vil ein ikkje ha oversikt over før etter 2 gangs feiing for deretter og kunne fastsette hyppigheit for feiing. Ein legg derfor inn lik avgift som for hus fram til ein har denne oversikten. Fra 2020 vart feiing og tilsyn lagt inn under Nordhordland brann- og redning.

#### Vurdering

Feiing og tilsyn vert utført av Nordhordaland brann og redning. Feiinga er behovsprøvd men skal gjennomførast minst ein gang kvart fjerde år. Abonnentane vil derfor oppleve tenesta ulikt, noko som enkelte erfaringsmessig finn urettferdig.

For 2020 er årleg gebyr.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	480,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	636,-

Framlegg til nye satsar 2021.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
--	----------	---------------------------

Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	581,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	768,-

### Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek følgjande gebyr for feiing og tilsyn for bustadhus og lik gebyr for fritidshus og hytter frå 01.01.2021.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	581,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	768,-

Tenesta vert betalt med fast årleg sum som er lik for alle abonnentar. Beløpet er rekna ut som gjennomsnittspris pr.pipe

Feiing og tilsyn gjeld berre for hus, fritidshus og hytter med montert eldstad/fyringsanlegg.

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
151/20	Formannskapet	PS	03.12.2020
130/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FE-231	20/4857

### Renovasjonsavgift 2021

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek slike renovasjonsgebyr gjeldande frå 01.01.20

Renovasjonsgebyr 2021	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 3.168,00	kr 2.768,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 3.488,00	kr 3.088,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3.808,00	kr 3.408,00
Hytterenovasjon		kr 1 472,00	

\* Rabatt/tillegg for sjeldnare tømning / større dunk er oppgjeve utan mva. Kr 320,00 + mva. = kr 400.

\*\* Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

### Formannskapet - 151/20 - 03.12.2020

#### FS - behandling:

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Gebyra gjeld frå 01.01.2021

#### FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek slike renovasjonsgebyr gjeldande frå 01.01.2021

<b>Renovasjonsgebyr</b>	<b>Rabatt/tillegg*</b>	<b>Utan heimek.</b>	<b>Med heimek.**</b>
<b>2021</b>			
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 3.168,00	kr 2.768,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 3.488,00	kr 3.088,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3.808,00	kr 3.408,00
Hytter renovasjon		kr 1 472,00	

\* Rabatt/tillegg for sjeldnare tømning / større dunk er oppgjeve utan mva. Kr 320,00 + mva. = kr 400.

\*\* Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

## **Saksopplysninger:**

### **Bakgrunn**

Fastsetjing av renovasjonsgebyr for 2021. NGIR rår til uendra gebyr frå 2020 til 2021

### **Vurdering**

Rådmannen rår til at NGIR sitt framlegg til gebyr vert vedteke

Økonomi

NGIR har eit stort utjamningsfond som gjer at ein kan budsjettera med uendra gebyr også i 2021.

### **Konklusjon**

Austrheim kommunestyre vedtek slike renovasjonsgebyr gjeldande frå 01.01.19

<b>Renovasjonsgebyr</b>	<b>Rabatt/tillegg*</b>	<b>Utan heimek.</b>	<b>Med heimek.**</b>
<b>2021</b>			
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 3.168,00	kr 2.768,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 3.488,00	kr 3.088,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3.808,00	kr 3.408,00
Hytter renovasjon		kr 1 472,00	

\* Rabatt/tillegg for sjeldnare tømning / større dunk er oppgjeve utan mva. Kr 320,00 + mva. = kr 400.

\*\* Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.





## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
155/20	Formannskapet	PS	03.12.2020
131/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Liv Løvvik	FE-210	20/4841

### Nordhordland Revisjon IKS - oppdatering av selskapsavtale

#### Vedlegg

Selskapsavtale Nordhordland Revisjon IKS pr 15.11.2020

#### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim kommune vedtek selskapsavtalen for Nordhordland Revisjon IKS datert 15.11.2020 som er oppdatert med endringane gjeldande frå 1.1.2020.

#### Formannskapet - 155/20 - 03.12.2020

#### FS - behandling:

Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

#### FS - vedtak:

Kommunestyret i Austrheim kommune vedtek selskapsavtalen for Nordhordland Revisjon IKS datert 15.11.2020 som er oppdatert med endringane gjeldande frå 1.1.2020.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Nordhordland Revisjon IKS (NHR) og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt er samanslått til det nye revisjonsselskapet Vestlandsrevisjon IKS. Grunna samanslåinga skal Nordhordland Revisjon IKS avviklast i løpet av 2021. Det er tidsmessig ikkje mogeleg å gjennomføre avviklingsprosessen i 2020.

Sidan avvikling av selskapet først vil skje i 2021 stiller Brønnøysundregisteret krav om oppdatert selskapsavtale. Dagens selskapsavtale er ikkje formelt oppdatert med gjeldande eigardelar etter utmelding av Meland og Radøy kommune (ved samanslåing til Alver kommune). Nordhordland Revisjon IKS kjem derfor med framlegg om godkjenning av oppdatert selskapsavtale.

Selskapsavtala er uendra utover oppdaterte eigardelar. Eigardelane slik desse går fram av avtalen er godkjent av ordførarane i eigarkommunane i representantskapsmøte 6. desember 2019.

Den formelle oppdateringa av eigardelane i avtalen medfører ikkje nokon praktiske konsekvensar for kommunen. Frå 1.1.2021 er det selskapsavtalen for Vestlandsrevisjon IKS som er gjeldande for revisjonstenesta. Godkjenning av oppdatert selskapsavtale er ein rein formalitet.

### **Konklusjon**

Kommunestyret i Austrheim kommune vedtek selskapsavtalen for Nordhordland Revisjon IKS datert 15.11.2020 som er oppdatert med endringane gjeldande frå 1.1.2020.

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
157/20	Formannskapet	PS	03.12.2020
132/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4844

### Møteplan for 2021

#### Vedlegg

Møteplanen - 2021 (A3)

#### Framlegg til vedtak:

Rådmannen rår til at møteplanen vert vedteke slik den ligg ved.

### Formannskapet - 157/20 - 03.12.2020

#### FS - behandling:

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det har kome inn ønske om kommunestyremøte på dagtid, det er i møteplan lagt opp til at det skal vera kl 18.00.

Rådmann Liv Løvvik sa at blir lange dagar for dei som jobbar vanleg dagtidsjobb først.

Per Lerøy (Ap) sa at ein kan vurdere at omfattande møte som junimøtet kan gå på dagtid.

Rådmann Liv Løvvik sa at ein kan vurderer å ha hyppigare møter, spesielt når det går via Teams. Framlegg frå kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug om ekstra møter i januar: Formannskap 14.01 og kommunestyre 21.01., begge for skulesaka som no er på høyring.

Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om at ein legg møta inn i planen og så får ein heller justera etter kvart, treng ein grundig gjennomgang av skulesaka

#### Framlegg til vedtak:

Møteplan blir vedteke slik den ligg ved, men med ekstra møte for formannskapet 14.01.21 og kommunestyret 21.01.21

#### Handsaming i formannskapet:

Samrøystes vedteke

## **FS - vedtak:**

Møteplan blir vedteke slik den ligg ved, med ekstra møte for formannskapet 14.01.21 og kommunestyret 21.01.21

## **Saksopplysninger:**

### **Bakgrunn**

### **Vurdering**

2020 har det vore ekstraordinært mange møte i formannskap og kommunestyre, i samband med Korona-situasjonen. For 2021 legg ein opp til å komma tilbake på 2019-omfanget. Sidan mange Korona-møte er situasjonsavhengige, er det vanskeleg å planlegga med desse.

I 2019 var det 9 møter i formannskapet, og 7 i kommunestyret.  
2020 ser ut til å enda på 17 møter i formannskapet, og 12 i kommunestyret.

I samband med oppsettet er det tatt omsyn til skuleferiar, høgtider og budsjettprosessen.

Møteplanen krev fleire avklaringar som ein ikkje kjenner svaret på enno:

- I samband med prosjektet for bruk av kommunehuset vert det også sett på om ein skal bruka Austrheimstova til kommunestyremøta. Det kan ha fleire føremøner, som innsparing av husleige, samt nærleik til kontor slik at representantar frå administrasjonen kan nytta ventetid effektivt mellom «sine» saker.
- Det er eit arbeid i gang med å kartlegga streaming av kommunestyremøta. Dette har vore lagt vekk tidlegare på grunn av økonomi, men er aktualisert no i samband at mange møte går på Teams. Dersom slikt streaming-utstyr skal monterast fast, bør det vera i det lokalet ein har planlagt å bruka nokre år framover.
- Ein må gjerne sjå nøyare på starttidspunkta for møta, det er diskutert å starta kommunestyremøta tidlegare.
- Situasjonen kring Korona vert førande for om møta kan avviklast på møterom Børilden/Baløy, Austrheimstova (kantina), Samfunnshuset eller på Teams.
- Dersom det vert mange møte på Teams er det frå fleire tatt opp at desse bør vera kortare og heller ha fleire møte.

Her er det altså fleire moment som formannskapet kan tenkja over før dei gjev si tilråding om kommunestyret sitt vedtak.

## **Konklusjon**

Rådmannen rår til at møteplanen vert vedteke slik den ligg ved.

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
156/20	Formannskapet	PS	03.12.2020
133/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Liv Løvvik	FA-H16, HistSak-14/719, HistSak-13/1002	20/4328

### Revisjon av selskapsavtale Region Nordhordland Helsehus IKS

#### Vedlegg

Selskapsavtale RNHI - revidert desember 2020

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune godkjenner revidert selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS med følgende endringer:

1. Alver kommune overtar eigaransvaret til kommunane Lindås, Meland og Radøy
2. Eigardelen i selskapet vert fordelt 30 % likt på kommunane og 70 % ut i frå folketalet.

#### Formannskapet - 156/20 - 03.12.2020

#### FS - behandling:

Rådman Liv Løvvik sa avtalen må på plass før utgangen av 2020.

Per Lerøy (Ap) - meinte det ville vore bra om ein slik fordelingsnøkkel kunne nyttast og så i andre samanhengar. Rådman påpeika at når det er over 50% etter folketal er det bedre for små kommunar.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

#### FS - vedtak:

Austrheim kommune godkjenner revidert selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS med følgende endringer:

1. Alver kommune overtar eigaransvaret til kommunane Lindås, Meland og Radøy
2. Eigardelen i selskapet vert fordelt 30 % likt på kommunane og 70 % ut i frå folketalet.

## **Saksopplysninger:**

### **Bakgrunn**

Saka skal avgjerast i kommunestyra i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Osterøy.

Selskapet har fått frist ut året av Brønnøysundregisteret med å få på plass ny selskapsavtale som er godkjent i kommunane. Selskapsavtalen må derfor handsamast i kommunestyra før nyttår. Endring av selskapsavtalen krev at alle kommunestyra gjer likelydande vedtak.

### **Revidering av selskapsavtalen til Region Nordhordland Helsehus IKS er så langt handsama i:**

#### **Regionrådet 21. september 2020**

Regionrådet slutta seg til endringar i selskapsavtalen.

#### **Styret i Region Nordhordland Helsehus IKS 9. november 2020**

##### **Samrøystes vedtak:**

Styret i Region Nordhordland Helsehus IKS sluttar seg til revidert selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS slik det føreligg i styremøtet og der eigardelen i selskapet vert 30 % fordelt likt på kommunane og 70 % ut i frå folketalet.

Styret ber administrasjonen leggja revidert selskapsavtale fram for Representantskapet med forslag til fylgjande vedtak:

Representantskapet vedtar revidert selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS slik det føreligg i møtet og der eigardelen vert 30 % fordelt likt på kommunane og 70 % ut i frå folketalet.

#### **Representantskapet i Region Nordhordland Helsehus IKS 13. november 2020**

##### **Samrøystes vedtak:**

Representantskapet støttar framlegget frå styret til revidert selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS slik det føreligg i møtet og der eigardelen i selskapet vert 30 % fordelt likt på kommunane og 70 % ut i frå folketalet.

Representantskapet ber administrasjonen senda saka til kommunane for handsaming i kommunestyra i eigarkommunane med forslag til fylgjande likelydande vedtak:

XX kommune vedtar revidert selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS slik den føreligg i representantskapsmøtet og der eigardelen i selskapet vert 30 % fordelt likt på kommunane og 70 % ut i frå folketalet.

### **Bakgrunn og vurderingar - revidering av selskapsavtalen for Region Nordhordland Helsehus IKS:**

Selskapsavtalen for Region Nordhordland Helsehus IKS vart vedteke første gong 12.12.14. Selskapet



var då eigd av dei ni kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

Lindås, Meland og Radøy slo seg saman til Alver kommune frå og med 01.01.2020, slik at det no er sju kommunar som er eigarar. Det gir krav om endring av selskapsavtalen. Selskapet har av Brreg fått frist ut året med å få på plass ny selskapsavtale som er godkjent i kommunane. Endring av selskapsavtalen krev at alle kommunestyra gjer likelydande vedtak. Det betyr at saka må vera godt forankra og ha ei brei forståing før den går ut til kommunestyra for handsaming.

Kommunane sin eigardel vert påverka av kommunesamanslåinga. I den gjeldande avtalen er 20 % fordelt likt og 80 % ut i frå folketalet. Dersom ein vel å fortsetja med 20 % fordelt likt, vil Alver kommune ha ein eigardel som er over 50 %. Styret i RNHI synes ikkje det er naturleg at ein kommune skal ha over 50 % eigardel og føreslår at den delen som vert fordelt likt vert auka til 30 %. Det er same fordelingsnøkkelen som vert brukt i berekning av medlemskapet i NUI (Regionrådet). Det gir følgjande fordeling i § 7-2:

Kommune	Fordelt likt	Fordelt ut i frå folketal	Totalt
4631 Alver	4,29 %	45,34 %	49,63 %
4630 Osterøy	4,29 %	12,56 %	16,85 %
4632 Austrheim	4,29 %	4,45 %	8,74 %
4635 Gulen	4,29 %	3,56 %	7,85 %
4634 Masfjorden	4,29 %	2,62 %	6,91 %
4633 Fedje	4,29 %	0,85 %	5,13 %
4629 Modalen	4,29 %	0,60 %	4,89 %
Totalsum	30,00 %	70,00 %	100,00 %

Eigardelen er også grunnlag for røystetalet i representantskapet, sjå § 4-4.

Dei andre endringane som er foreslått er formalia som namn og kommunenummer.

## Konklusjon

Austrheim kommune godkjenner revidert selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS med følgjande endringar:

1. Alver kommune overtar eigaransvaret til kommunane Lindås, Meland og Radøy
2. Eigardelen i selskapet vert fordelt 30 % likt på kommunane og 70 % ut i frå folketalet.



# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
134/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Stein Kåre Løvslett	FA-X20	20/100

## Vedtak - Overordna Beredskapsplan

### Vedlegg

Beredskapsplan Austrheim Kommune rev 2020

### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar overordna beredskapsplan for Austrheim kommune slik den ligg føre.

Videre vedtek kommunestyret at dei planar som vert etterlyst i rapport frå tilsynet skal utarbeidast.

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

Med bakgrunn i sivilforsvarslova §§ 14 og 15, samt endringar av leiinga i kommunen er det gjennomført revisjon av overordna beredskapsplan for Austrheim kommune.

#### Vurdering

Overordna beredskapsplan er revidert i trå med retningsliner for einskapleg leiingsstruktur (ELS). I planen er det tatt som utgangspunkt at kommunen skal kunne sette kriseleiing (KKL) uavhengig av om dei ordinære personane som utgjer KKL er til stade eller ikkje.

I overordna beredskapsplan skal det vere resursoversikt og kontaktopplysningar. Dette er opplysningar som treng fortløpande oppdatering. Av denne grunn er disse opplysningane trekt ut og lagt i Tiltakskort som rådmannen oppdaterer ved endringar og behov.

I oktober 2020 er det gjennomført dokumenttilsyn med helseberedskapen i Austrheim kommune. Rapport frå tilsynet føreligg ikkje enno. Signala frå oppsummeringsmøtet 11.11.2020 indikerte at det

kan kome krav om oppdatering eller utarbeiding av nye planar innanfor helse.

### **Konklusjon**

Rådmannen tilrår at kommunestyret vedtar utkast til overordna beredskapsplan for Austrheim kommune, evakueringsplan og atomberedskapsplan.

Videre tilrår rådmannen at kommunestyret vedtek at dei planar som vert etterlyst i tilsynet skal utarbeidast.

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
135/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kari Torkildsen Utkilen	FE-233	14/1714

### Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2021

#### Framlegg til vedtak:

Plan for fysisk aktivitet , idrett og friluftsliv 2012-2020 vert vidareført til 2022. Arbeidet med ny plan startar i 2021.

Prioritering	Ordinære anlegg	
1 Nr 14512	To tiltak på Kaland skule, garderobane.	Gjentakast
2 Nr 145210	Etablering av båthus i Årvika friluftsområde	Fornyast
3 Nr 145211	Rehabilitering av lys i Austrheimhallen	Fornyast
5 Venter på nr	Dagsturhytta Vardetangen m/toalett	Ny søknad
Prioritering	Ordinære nærmiljøanlegg	
1 Nr 145266	Aktivitetsflate Lerøy vel	Fornyast

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

Anleggsregisteret.no er eit register over alle idrettsanlegg i Noreg, og alle søknader skal registrerast elektronisk. Det er ein føresetnad at prosjekt vi søker spelemidlar til skal stå i ei prioritert liste i det rullerte handlingsprogrammet til planen. Det kan søkjast om tilskot til bygging og/eller rehabilitering av idrettsanlegg som er opne for allmenn idrettsleg verksemd, idrett og fysisk aktivitet for alle ( ref. DKK-rundskriv V-0994 N). Vi kan søkje om spelemidlar til ordinære anlegg og ordinære nærmiljøanlegg. Det er fleire søknadar enn det er spelemidlar til i fylket, og vi må rekne med å søkje i minst 3 år før vi kan vente å få utbetalt tilskot til Ordinære anlegg, mens tilskot til Ordnære Nærmiljøanlegg ser ut til å gå raskare. Ordinære anlegg: hovudregel er at vi kan søke om tilskot på inntil 1/3 av godkjente kostnader. Nokon anleggstypar kvalifiserer til tilskot på inntil 50% av godkjente kostnader. Dette gjeld turvegar/-løyper og –stiar, og enkelte spesielle tiltak. Nærmiljøanlegg, uteanlegg eller område for eigeorganisert fysisk aktivitet: vi kan søke om tilskot på

inntil 50% av godkjent kostnad. Øvre grense for tilskot er sett til kr 300 000 per anleggseining.

I følgje «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2020»

- Søknad må normalt fremjast seinast søknadsåret etter ferdigstilling av anlegget.
- Anlegget skal vere del av ein vedteke kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

Det er eit krav at anlegget skal vere omtalt i kommunal plan. Følgjande står i gjeldande plan for Austrheim under kap. Friluftsliv: *Alle innbyggjarane i Austrheim skal oppleve at det er mogleg å ta heile kommunen i bruk til friluftsliv på ein enkel og miljøvennleg måte.* Vidare står det at det skal leggest til rette for eit meir romsleg friluftsliv i framtida, og at vi må lage fleire turveggar som er universielt utforma, og gjere friluftsområda og turveggar meir tilgjengelege med parkeringsplassar, toalett og sosiale møteplassar.

### Vurdering

Utbetalte spelemidlar 2020:

Utbetaling spelemidlar til sport court kr 300.000,- anleggsnr 74746 **Kaland barne- og ungdomsskule**

Søknad som må gjentakast:

Delvis tildeling av tilskot gymsal ved **Kaland barne- og ungdomsskule**, med anleggsnummer 7395

Fornyng av søknadar:

Båthus / Redskapsbu ved **Årvika friluftsområde**, med anleggsnummer 72628

Gapahuk ved **Lerøy** aktivitetsområde, med anleggsnummer 75183

Austrheimhallen ved **Austrheim Idrettspark**, med anleggsnummer 10289

Ny søknad

**Dagsturhytta Vardetangen m/toalett**, maks tilskot kr 1.000.000, er eit tiltak der vi følgjer opp den kommunale planen med behov for eit meir romsleg friluftsliv med sosiale møteplassar, universell turveggar, parkeringsplassar og toalett. Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2012-2020 må reviderast og arbeidet med ny plan må starte i 2021. Gjeldande plan vert vidareført til 2022.

Ikkje klar til å søkje:

**Universell turveg Steinaldersti Fosnstraumen.** Austrheim kommune jobbar for oppgradering av Steinalderstien ved Fosnstraumen. Vi har kontakt med grunneigarar og Bergen og Omland friluftsråd for mogleg statleg kjøp av grunn, og tilrettelegging av friluftsområde og formidling av kulturminne. Austrheim kommune har fått tilsegn om kr 400.000 til fyrtårnprosjektet Steinaldersti i Austrheim. Dette er eit tilskot til større prosjekt for tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne, og ikkje spelemidlar. Vi kan bruke dette tilskotet som eigedel til universell turveg til formidling av steinaldaren. I tillegg har vi fått tilsegn om kr 292.000 i BARK midlar frå Riksantikvaren. Dette tilskotet kan m.a brukast til hogst og skjøtsel. Siste frist for utbetaling av midlar frå Riksantikvaren er 18. mai 2021. Vi må få på plass avtalar med grunneigar og fjerne skog, før vi kan søkje om spelemidlar til dette prosjektet. Det vert jobba med å få ein **ballbinge/aktivitetsflate ved Austrheim vidaregåande skule**, men prosjektet er ikkje kome langt nok til å søkje i 2021.

Prioriteringa av dei ulike anlegga vert gjort i høve til rådmannen sin kjennskap til kor langt det enkelte prosjekt er kome i planlegginga, og etter søknad og signal frå lag og organisasjonar.

Austrheim kommune har vedteke «Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv» og følgjer opp

målsetjinga i planen. Visjon: «Aktiv kvar dag, heile livet». Plan for fysisk aktivitet , idrett og friluftsliv 2012-2020 må reviderast, og arbeidet med ny plan må starte i 2021. Gjeldande plan vert vidareført til 2022.

#### Folkehelse

Kommunen ønskjer å legge til rette for auka fysisk aktivitet.

#### Miljø

Alle innbyggjarane i Austrheim skal oppleve at det er mogleg å ta heile kommunen i bruk til friluftsliv og drive idrett, på ein enkel og miljøvennleg måte.

#### Økonomi

Prosjekt vert ikkje starta før vi har finansieringa klar.

### Konklusjon

Plan for fysisk aktivitet , idrett og friluftsliv 2012-2020 vert vidareført til 2022. Arbeidet med ny plan startar i 2021.

Prioritering	<b>Ordinære anlegg</b>	
1 Nr 14512	To tiltak på Kaland skule, garderbane.	Gjentakast
2 Nr 145210	Etablering av båthus i Årvika friluftsområde	Fornyast
3 Nr 145211	Rehabilitering av lys i Austrheimhallen	Fornyast
5 Venter på nr	Dagsturhytta Vardetangen m/toalett	Ny søknad
Prioritering	<b>Ordinære nærmiljøanlegg</b>	
1 Nr145266	Aktivitetsflate Lerøy vel	Fornyast

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
136/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4866

## Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 - sak frå kontrollutvalet

### Vedlegg

Innstilling til plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 - sak frå kontrollutvalet til kommunestyret i Austrheim kommune

### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 med følgjande prioriterte område:

1. Eigarstyring i Austrheim kommune
2. IKT Nordhordland Kommunalt Oppgåvefelleskap

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-4.

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

Kontrollutvalet skal seinast innan utgangen av året utarbeide ein plan som viser på kva områder det skal gjennomførast eigarskapskontrollar. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sine eigarskap, jf. kommunelova § 23-4 om eigarskapskontroll.

Nordhordland Revisjon IKS og kontrollutvalssekretariatet har utarbeida risiko- og vesentlegvurdering til grunnlag for plan for eigarskapskontroll, jamfør vedteke prosjektplan. Risiko- og vesentlegvurderinga skal gje eit overordna bilde av kommunen si verksemd, og peiker på aktuelle områder for eigarskapskontroll ut frå vurdering av risiko og vesentlegheit knytt til kommunal verksemd og eigarskap.

Kontrollutvalet skal i møtet prioritere område til plan for eigarskapskontroll og innstille til vedtak i



kommunestyret, og bør ha gjennomgått grunnlagsdokumentet i forkant av møtet.

**Konklusjon:**

Kommunestyret vedtek plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 med følgjande prioriterte område:

1. Eigarstyring i Austrheim kommune
2. IKT Nordhordland Kommunalt Oppgåvefelleskap

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-4.

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
137/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4866

## Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 - sak frå kontrollutvalet

### Vedlegg

Innstilling til plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 - sak frå kontrollutvalet til kommunestyret i Austrheim kommune

### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 med følgjande prioriterte område:

1. Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk innan helse- og omsorg
2. Teknisk; Internkontrollsystem

Uprioritert liste:

- Styringssystem; Samhandling og oppfølging av tenester levert av andre kommunar
- IKT Nordhordland (felles forvaltningsrevisjon av selskap)
- Varsling, etikk og habilitet

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-3.

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

Kontrollutvalet skal seinast innan utgangen av året utarbeide ein plan som viser på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjoner. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd, jf. kommunelova § 23-3 om forvaltningsrevisjon.

Nordhordland Revisjon IKS og kontrollutvalssekretariatet har utarbeida risiko- og vesentlegvurdering til grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon, jamfør vedteke prosjektplan. Risiko- og vesentlegvurderinga gjev eit overordna bilede av kommunen si verksemd, og peiker på aktuelle

områder for forvaltningsrevisjon ut frå vurdering av risiko og vesentlegheit knytt til kommunal verksemd.

Kontrollutvalet skal i møtet prioritere område til plan for forvaltningsrevisjon og innstille til vedtak i kommunestyret, og bør ha gjennomgått grunnlagsdokumentet i forkant av møtet.

### **Konklusjon**

Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 med følgjande prioriterte område:

1. Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk innan helse- og omsorg
2. Teknisk; Internkontrollsystem

Uprioritert liste:

- Styringssystem; Samhandling og oppfølging av tenester levert av andre kommunar
- IKT Nordhordland (felles forvaltningsrevisjon av selskap)
- Varsling, etikk og habilitet

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-3.

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
138/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-141, TI-&37	19/743

## Planutvalet, vurdering av utviding

### Framlegg til vedtak:

Styringsgruppa for planstrategien er lik formannskapet.

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

Bygdelista har etterlyst eit vedtak på samansettinga av planutvalet, som mellom anna er styringsgruppe for arbeidet med planstrategien. Bakgrunnen for dette er det vedtaket kommunestyret gjorde i møtet 12. desember 2019 (sak 079/19), i saka «Planstrategi for Austrheim kommune for perioden 2020 - 2024 - Oppstart av arbeid». Bygdelista sin representant tok opp samansetninga av styringsgruppa, sitat frå protokollen i kursiv:

*Atle Utkilen (Bygdelista) hadde framlegg til endring av samansettinga av styringsgruppa for arbeidet med planstrategien, slik at alle parti i kommunestyret vert representert i styringsgruppa:*

*«Formannskapet vedtek at Austrheim kommune sitt arbeid med planstrategi vert starta opp. Formannskapet og 1 representant frå parti som ikkje er del av formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet.»*

*Avdelingsleiar Toft kommenterte innspela, og sa at politikarane er suverene i å føreslå kva planar administrasjonen skal laga. Toft sa vidare at det er viktig med god forankring, og at det er OK å ta inn dei partia som ikkje er representerte i formannskapet.*

*Helge Dyrkolbotn sa at KrF støttar Utkilen sitt framlegg til vedtak om å utvida styringsgruppa, Inger Lise Brekke (H) ba om gruppemøte. Møtet heva 15.27, møtet sett igjen 15.33*

*Inger Lise Brekke (H) fremja framlegg om at saka vart utsett til det neste møtet i kommunestyret. Per Lerøy (Ap) presiserte at det ein ville ha utsett var val av styringsgruppe for planstrategien.*

*Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han ikkje var samd i å utsetja denne delen av saka.*

*Avdelingsleiar Toft sa at planstrategien skal på høyring, og at val av styringsgruppe ikkje stoppar administrasjonen sitt arbeid med å senda planen ut på høyring.*

*Per Lerøy (Ap) sa at ein kan vedta å starta arbeidet, men utsetta samansettinga av gruppa. Sa at rådmannen må førebu sak om dette til formannskapet og kommunestyret i 2020, og at det må komma som sak i februar 2020. Rådmann Liv Løvvik sa at så lenge noko anna ikkje er vedteke, så er det formannskapet som er styringsgruppe, slik som sist.*

*Handsaming i kommunestyret:*

*Atle Utkilen sitt framlegg om at alle parti i kommunestyret bør vera med i styringsgruppa, vart utsett med 10 mot 7 røyster (Høgre og Ap for utsetting, Bygdelista, KrF og Sp mot).*

*Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.*

*KS - vedtak:*

*Formannskapet vedtek at Austrheim kommune sitt arbeid med planstrategi vert starta opp.*

Dette kom aldri tilbake som ei eiga sak til kommunestyret, men vart tema i kommunestyret i møtet 12. november. Sak 099/20, Planstrategi for Austrheim kommune 2020 - 2024 – Godkjenning. Vedtaket i kursiv:

*Planstrategi for Austrheim kommune 2020-2024 vert godkjent. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 10-1.*

*Styringsgruppa for planstrategiarbeidet er formannskapet.*

Som tillegg her ba ordførar Per Lerøy (Ap) om at rådmannen greiar ut til neste kommunestyremøte om styringsgruppa for planstrategien skal vera lik arealplanutvalet, slik Bygdelista har ønskje om.

## **Vurdering**

Dette har vore diskutert i administrasjonen, og ein har komme fram til at det er tenleg å halda på den organiseringa ein har hatt for planutval sidan 2003, der planutvalet er likt formannskapet, med ordførar som leiar og varaordførar som nestleiar.

Forskjellen til arealplanutvalet vert som før at der er også Bygdelista representert.

## **Konklusjon**

Styringsgruppa for planstrategien er lik formannskapet.

Ei endring av samansettinga kan vurderast seinare, dersom kommunestyret vedtek å gjera endringar i organiseringa og innføra ein utvalsmodell.



## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
162/20	Formannskapet	PS	03.12.2020
139/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020
	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FA-Q22	16/204

### Tilskot til arbeidet med busslomme og fortau i Toftegårdskrysset

#### Vedlegg

Vedlegg - Oversyn teikningsarbeid

Vedlegg - Oversyn ekstrautgifter

#### Framlegg til vedtak:

Rådmannen utarbeider ny utbyggingsavtalen der tilskotet vert betalt ut i 2020 og 2021. Anleggsbidraget som vart gjort vedtak om i KS-013/19, vert endra til kr. 650.778.

#### Saksopplysninger:

##### Bakgrunn

7. april 2016 gjorde kommunestyret fylgjande vedtak:

##### KS - 032/16 - 07.04.2016 - Vedtak:

*Austrheim kommunestyre vil dekke 60 % av utbyggingskostnader for dette anlegget, kr. 480.180,- Utbetaling av anleggsbidrag vert ikkje utbetalt før underskriven utbyggingsavtale føreligg. Det er i forslaget til budsjett Note 10 satt av kr 500.000,- til trafikksikring , prosjektnr. 033511.*

*Rådmannen utarbeidar utbyggingsavtale.*

*Rådmannen utarbeidar retningsliner og veiledning for utbyggjarar, entreprenørar/leverandørar som syner prosessen for etablering og gjennomføring av utbyggingsavtale ved bruk av anleggsbidragsmodellen. Retningslinene vert å leggja fram for kommunestyret til godkjenning før handsaming av nye utbyggingsavtalar, og seinast innan 31.08.2016.*

11. april 2019 gjorde kommunestyret nytt fylgjande vedtak:

### **Kommunestyret - 013/19 - 11.04.2019**

I KS-013/19 gjorde kommunestyret vedtak om å gi anleggsbidrag til arbeid med busslomme og fortau ved Toftegårds-krysset. Det løyvde beløpet frå 2016 er på 480.180 (utan mva).g kommunen dekkar også 50 prosent av tilleggskostnader til nye teikningar (50 prosent er 79.625 inklusiv mva).

Beløpet vert betalt ut i to rater i 2020 og 2021.

Vilkåret for utbetalinga er at anlegget er ferdigstilt innan 1. september 2019, dette med tanke på at fylket skal leggja nytt dekke på FV565 frå Årås til Toftegård dette året.

Den framlagte utbyggingsavtalen vert vedtatt slik han ligg føre, men med justerte beløp og tidsfristar

Dette er gjort sidan vedtaket.

Kommunen har altså gjort vedtak om å gå inn med anleggsbidrag i KS-032/16 og KS-013/19. Det er om ei skal ta inn tilleggsarbeid i utbyggingsavtalen som no må vurderast.

Det er utarbeidd retningslinjer for utbyggingsavtalar. Kunngjering om justering av utbyggingsavtalen har vert gjort.

I tillegg har utforminga av fortau og busslomme vore til fleire vurderingar og omteikningar. Utbygger fekk krav om å teikna det på nytt etter nye krav frå Vevesenet. Dette blei gjort. Vurderinga av dei nye teikningane vart at tiltaket vart dyrt. Det vart så teikna om igjen og då etter dei «gamle» krava for utforming. Utbygger har lagt fram dokumentasjon på at alt dette arbeidet kosta han 159 251 kr. Det har og komme endringer underveis I byggeperioden med bla. krav til sykkelrekkverk og bankgaranti som dei største kostnadene. Utbygger har lagt fram dokumentasjon på at desse endringane kosta han 342 006 kr.

I KS-032/16 gjorde kommunestyret vedtak om å gi anleggsbidrag til arbeid med busslomme og fortau ved Toftegårds-krysset. Det løyvde beløpet frå 2016 er på kr 480.180 (utan mva). (60% dekning)

I KS-013/19 gjorde kommunestyret nytt vedtak om å gi anleggsbidrag til arbeid med busslomme og fortau ved Toftegårds-krysset. Det løyvde beløpet frå 2019 er på kr 479.625 (utan mva),. (50% dekning etter nye retningsliner inkl. 50% av tilleggskostnader til nye teikningar (50 prosent er 79.625 inklusiv mva).

Beløpet vert betalt ut i to rater i 2020 og 2021.

Den framlagte utbyggingsavtalen vert vedtatt slik han ligg føre, men med justerte beløp og tidsfristar.

Entreprenøren har no komme med rekneskap for prosjektet der han dokumenterar ei meirutgift på kr 342.006. Det skuldast endra krav fra SVV, der krav til sykkelrekkverk på kr 154.861 og bankgaranti på kr 50.045 er dei største kostnadene.



## Vurdering

Dette er gjort sidan vedtaket.

Kommunen har altså gjort vedtak om å gå inn med anleggsbidrag i KS-032/16 og KS-013/19 . Det er om ei skal ta inn tilleggsarbeid i utbyggingsavtalen som no må vurderast.

Det er utarbeidd retningslinjer for utbyggingsavtalar. Kunngjering om justering av utbyggingsavtalen har vert gjort.

I tillegg har utforminga av fortau og busslomme vore til fleire vurderingar og omteikningar. Utbygger fekk krav om å teikna det på nytt etter nye krav frå Vevesenet. Dette blei gjort. Vurderinga av dei nye teikningane vart at tiltaket vart dyrt. Det vart så teikna om igjen og då etter dei «gamle» krava for utforming.

Arbeidet som skal gjerast med busslomma og busstoppet, er langs ein fylkeskommunal veg. Det kan derfor ikkje nyttast investeringsmidlar til finansiering. Kostnadene til tiltaket må derfor takast over driftsbudsjettet. I 2019 er det ikkje midlar på driftsbudsjettet til dette. Det vert derfor lagt inn i utbyggingsavtalen at Austrheim kommune kan betale ut dette bidraget delvis i 2020 og delvis i 2021. Då summen vart rekna ut i 2016, vart 60% sett til 480 140 kr. Ny sum utrekna i 2019 vart kr 479.625. Det har og komme endringer fra SVV underveis i byggeperioden med bla. krav til sykkelrekkeverk og bankgaranti som dei største kostnadene. Utbygger har lagt fram dokumentasjon på at desse endringane kosta han 342 006 kr..

Utgangspunkt for kostnadsoverslaget	800 300
Arbeid med teikningar i to omgangar	159 251
Tilleggsarbeid 2019	342 006
Sum	1 301 557

50% av beløpet:  $\text{kr } 1\,301\,557 / 2 = \text{kr } 650.778,-$

Kommunestyret kan vedta opp mot 50% av kostnadene som støtte. Det vert tilrådd å endra summen fra kr 479.625 til 650.778 kr for å stetta bestemmelsane i regelverket for utbyggingsavtalar med maksimalt 50 % støtte.

Kommunestyret bør vurdere om ein vedtatt sum kan endrast. Første vedtaket vart gjort i 2016, nytt justert vedtak i 2019 og at utbygger først i 2019 har gjennomført utbygginga, bør ikkje føre til noko form for indeksregulering. I denne saka er det fylket/SVV sine endra vedtak på krav til utforming, som har gitt ekstrakostnadene i fylgje utbygger. I slike tilfelle kan politisk nivå vurdere om meirkostnader skal takast med. Viss det blir gjort slik rådmannen tilrår blir summen kr. 650.778. Viss ikkje ein vil berekne inn ekstrautgifter, vil vedtak i Kommunestyret - 013/19 bestå.

Dette anleggsbidraget må takast av kommunen sitt driftsbudsjett sidan det er investering langs fylkesveg utan at kommunal eigedom vert utløyst. Austrheim kommune sitt driftsbudsjett for 2020 har ikkje slike driftsmidlar til disposisjon. Det vert derfor føreslått at det vert inngått ny utbyggingsavtale der tilskotet vert betalt ut i 2021 og 2022.

Retningslinjene § 1-5:

#### **§ 1-5 Føresetnader for bruk av utbyggingsavtaler**

- *Området ein inngår utbyggingsavtale om må inngå i vedtatt arealplan som byggjeområde.*
- *Ein kan i utbyggingsavtalen pålegge utbygger å koste tiltak som er nødvendig for å gjennomføre planvedtak.*
- *Tiltak som utbyggjar vert pålagd skal vere i rimeleg forhold til utbygginga si art og omfang.*
- *Utbyggjar kan ikkje påleggast å gjennomføre tiltak som skule, barnehage, sjukeheim eller liknande.*

Utbyggingsplanen for Skotneset bustadfelt har bestemmelse om at busslomme og fortau skal byggast.

#### **Konklusjon**

Rådmannen utarbeider ny utbyggingsavtalen der tilskotet vert betalt ut i 2020 og 2021. Anleggsbidraget som vart gjort vedtak om i KS-013/19, vert endra til kr. 650.778.

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
140/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-150	20/3402

### Tertialrapport III 2020

#### Framlegg til vedtak:

1. Det vert gitt eit tilskott til Leirvåg bedehus på kroner 75 000,- for dekning av deira underskot for 2020.
2. Det vert gitt eit tilskott til eldrerådet på kroner 10 000,- til arrangere datakurs for eldre.
3. Det vert gitt eit tilskott på kroner 20 000,- til julegåve aksjonen som blir arrangert av Ungdomsrådet, ungdomskonsulenten og Frivilligsentralen.
4. Det vert gitt kroner 20 000,- ekstra til innkjøp av julemat for tilsette som jobbar i julehelga og nyårshelga på helse og omsorg sine einingar.
5. Kommunestyret tek rapporten til vitande.

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
141/20	Kommunestyret	PS	10.12.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-150	20/4669

### Budsjettframlegg 2021

#### Vedlegg

Dyrnes, Rebnor og Øksnes vel (DRØ-vel) - Innspel til budsjett for 2021

Fagforbundet Austrheim - Innspel til budsjett for 2021

Eldrerådet - Innspel til budsjett for 2021

Kunsthuset Austrheim - Innspel til budsjett 2021

Kunsthuset Austrheim - vedlegg - innspel til budsjett 2021.docx

Austrheim Ungdomsråd - Innspel til budsjett 2021

RMNF sine merknader til budsjett for 2021

Årås skule - innspel til budsjett 2021- Investering

Årås skule - Oversikt lys197156)

Årås skule - Oversikt over golv som bør skiftast(197157)

FAU og SU Kaland barnehage innspel til budsjett 2021

Framlegg frå Høgre og AP - i formannskapsmøte 12.12.2020

Austrheim Sokn - høyringsuttale budsjett 2021

Vedlegg - Høyringsuttale.docx

budsjett-2021---framlegg

Politisk,kontroll og forvaltning sektor rammebudsjett 2021

Plan og teknisk sektor rammebudsjett 2021

Kultur sektor rammebudsjett 2021

Helse sektor rammebudsjett 2021

Skole sektor rammebudsjett 2021

Rådmann sektor rammebudsjett 2021

Økonomireglement Austrheim endelig versjon

Finansreglement Austrheim

Låneopptak Robek

Handsaming av budsjett og økonomiplan - innsending til fylkesmannen

Viktig informasjon om nytt krav i kommuneloven om dokument -Husbanken

2020 11 25 Særutskrift sak 50.20 Budsjett for kontrollarbeidet - Austrheim kontrollutval

### Framlegg til vedtak:

1. Investeringsbudsjettet for 2021 sjølvkost er basert på forventa framdrift på tidlegare vedtekne VA-prosjekt. Ut frå framdriftsplanen vil Austrheim kommune ta opp 3 000 000 kr i lån i 2021. Årets låneopptak, i tillegg til ubrukte lånemidlar til VA frå 2020 på 9 000 000 kr, skal finansiere behovet for lånemidlar på sjølvkostområdet (VA) på 12 000 000 kr.
2. Det vert tatt opp 10 000 000,- kroner i Husbanken for vidare lån til startlån
3. Det er i budsjettet for 2021 lagt inn investeringar på 6,8 millionar som skal finansierast gjennom sal av fast eigedom, det vert ikkje oppstart av disse prosjekta før det er gjennomført sal av fast eigedom til å dekkja desse investeringane.

4. Økonomiplan for 2021-2024 og årsbudsjett for 2021 blir vedteke, jf.

Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2021 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda, jf. eigen tabell.

5. Rådmannen gis fylgjande fullmakter innanfor budsjettets rammer(jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):

- a. Budsjettreguleringer som følger av sentrale og lokale lønnsoppgjør.
- b. Budsjettreguleringer innanfor sektoranes rårer.
- c. Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidligere låneopptak. Herunder aksept av lånebetingelser og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.
- d. Beslutte oppstart av investeringer finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidler.
- e. Fordeling av bevilgning til småinvesteringer innafor ramma på 100 000,- kr.
- f. Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)

6. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd.

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K-sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2021, jf. esktl. §

10. Kommunen vil i 2021 skrive ut eigedomsskatt på eigedommar som tidlegare var rekna som «verk og bruk» på eit «særskilt fastsett grunnlag» med heimel i overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2021 være lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget.

Kommunen vil i 2021 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd. Eigedomsskatten vert skriven i samband med kommunale avgifter. Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2018 og 2019.

7. Det vert gjeve ei ramme på 780 000,- kr til kontrollutvalet.
8. Det vert gjeve eit driftstilskot til Austrheim kyrkjelege fellestråd på 2 550 000,- kroner.
9. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
10. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og til løn til varaordførar er 9 % av ordførarløna for 2021. Stortingets lønnskomisjon foreslår i årleg innstilling godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2021 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar
11. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp settes til 10 %.
12. Rådmannen kjem attende med eiga sak som omhandlar etablering av burettslag for fyrstegongs etablerarar våren 2021.
13. Rådmann kjem attende med sak om etablering av omsorgsbustader med driftsstøtte som vært drive av stiftingar eller andre frivillige/humanitære organisasjonar. Driftsstøtta til slike omsorgsbustader må være innanfor lovverket om offentlege anskaffingar

14. Oppgradering og modernisering av Nordliheimen må prioriterast fram mot 2025. Straks eldremeldinga er ferdig i 2021 blir det sett ned eit mellombels utval som skal følgja opp eldremeldinga og sikra at tiltaka i eldremeldinga vert gjennomførte. Rådmannen legg fram ei sak om dette for kommunestyret hausten 2021.
  
15. Rådmannen kjem attende med eiga sak knyta til veglys lang kommunale vegar i Austrheim.
  
16. Det vert sett ned eit utval med brukarrepresentantar for å vurdere driftsform/vedlikehald av bygg som ikkje inngår i kommunen si ordinære tenesteyting.

### **Saksopplysninger:**

Saksopplysningar:

#### **§ 46. Årsbudsjettets innhold. Lov om kommunar og fylkeskommuner (kommuneloven)**

1. Årsbudsjettet er en bindende plan for kommunens eller fylkeskommunens midler og anvendelsen av disse i budsjettåret. I bevilgninger til formål kan det likevel gjøres fradrag for tilhørende inntekter. Kravet om budsjett hjemmel på utbetalingstidspunktet gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen er rettslig forpliktet til å foreta.
2. Årsbudsjettet skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet.
3. Årsbudsjettet skal være realistisk. Det skal fastsettes på grunnlag av de inntekter og utgifter som kommunen eller fylkeskommunen kan forvente i budsjettåret.
4. Årsbudsjettet skal være stilt opp på en oversiktlig måte. Kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer, samt de målsettinger og premisser som årsbudsjettet bygger på, skal komme tydelig fram.
5. Årsbudsjettet skal være inndelt i en driftsdel og en investeringsdel.
6. Det skal budsjetteres med et driftsresultat som minst er tilstrekkelig til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetninger.
7. I årsbudsjettet kan det avsettes midler til bruk i senere budsjettår.

8. Departementet kan gi nærmere regler om årsbudsjettet og innstilling til årsbudsjettet. I disse reglene kan det stilles krav om oversikter over inntekter og utgifter for kommunens eller fylkeskommunens samlede virksomhet.

## Budsjett 2021

Det er ei glede å ønske lesaren velkommen til budsjettframlegget for Austrheim kommune. Denne gongen er budsjettet ikkje ny berre når det gjeld innhald, tal, mål og tekst, men også i form. Målet med denne endringa er å gjere budsjettet meir tilgjengeleg og lettare å lese for innbyggjarar og folkevalde. Vi ønskjer å flytte perspektivet frå intern organisering og over på tenestene vi tilbyr og korleis vi utviklar desse vidare. Dette krev at vi tenkjer nytt og at vi skriv annleis enn før. Budsjett og økonomiplan for 2021 – 2024 blir i tråd med vedteke på rammenivå og har fokus på resultat og tenester i langt større grad enn på administrativ organisering av kommunen.

Ei viktig målsetjing med budsjettet er også å synleggjere samanhengen mellom langsiktige mål i kommuneplanen, via budsjett og økonomiplan og ned til dei einskilde tiltak og investeringar. Då vil vi klare å styre utviklinga mot å nå målet som er å gjere Austrheim til ein kommune der det er godt både å bu og å virke i. Om vi endrar forma på planen/dokumentet, så endrar vi ikkje på den grunnleggjande tanken om at rådmannen sitt mål er å sikre innbyggjarar og næringsliv dei beste tenestene det er råd å levere med dei resursane vi har til rådvelde slik kommunestyret vedtek rammene og ressurstilfanget.

## Økonomiske måltal for Austrheim

Økonomiske måltal er eit viktig verktøy for å styre kommunen sin økonomi i ønska retning. Måltala er førande for budsjett og økonomiplan, men kan fråvikast einskilde år.

Kommunen sine måltal er:

Måltal	Minimum	Mål	Skildring
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3 %	3,5 %	Syner om drifta er finansiert av inntektene for perioden.
Disposisjonsfond i prosent av brutto Driftsinntekter	10 %	13%	Syner kor store reserver kommunen har.
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	Ikkje relevant	85 %	Syner gjeldsgraden, der målsettinga er at denne er stabil over tid.

Netto driftsresultat er hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunesektoren, og er eit uttrykk for kva kommunen har til disposisjon til avsetjingar og investeringar. Og kommunen har som målsetning og levere eit nettodriftsresultat i høve til våre måltal som inngår i vårt økonomireglement.



## **Lågare vekst og trong for omstilling.**

Vi har i vårt budsjett for 2021 tatt som forutsetnad ei lønsvekst på 2,0 % årslønsvekst. COVID-19 har vist oss at sjølv med god planlegging, er leiarskap i ei omskifteleg tid naudsynt. Slik situasjonen ligg føre, er særskilte smitteverntiltak truleg naudsynte òg i 2021. Vi legg til grunn at regjeringa vil støtte kommunane med særskilte løyvingar i 2021 som i 2020.

Endringar på verdsbasis og her heime syner at ei lågare vekst i økonomien gjev grunn for å syne atterhald økonomisk og ikkje vente seg høg vekst i den nasjonale og kommunale økonomien. Sjølv om vi no startar ei ny reise inn i eit nytt år, opplever vi at koffertane på mange måtar er pakka frå før. Tidlegare vedtak og prioriteringar gjev føringar i den nye økonomiplanen og i budsjettet for 2021. Dette tyder at vi må omstille oss i åra som kjem. Det som gjev størst effekt, men det som samstundes oftast er vanskelegast å gjennomføre, er strukturendringar, altså t.d. leggje ned ei ikkje lovpålagt teneste eller stenge ei avdeling på ein sjukeheim. Problemet med strukturendringar er at dei ofte står i motsetnad til andre politiske målsetjingar og at dei skapar stor motstand når dei skal gjennomførast. Ein annan måte å redusere kostnader på er å levere eit lågare tenestnivå eller å auke eigenbetalinga for dei eksisterande tenestene. Døme på dette kan vere standarden på kommunale vegar, endre kriteria for tildeling av tenester, kulturskuletilbod eller SFO-satsar. Også denne type tiltak kan vere politisk kostbare å gjennomføre. Den tredje måten å redusere kostnader på er å effektivisere organisasjonen og prosessane. Målet med dette er å levere minst like gode tenester som i dag, men til ein lågare kostnad. Dette er den enklaste måten å vedta politisk, og påverkar brukarar i mindre grad, men tilsette i større grad. Ved å endra måten ein organiserer arbeidet eller korleis ein utfører arbeidet kan ein oppnå innsparingar. Å skapa brei oppslutnad rundt slike endringar og å faktisk klara å hente ut gevinstar krev dyktig leiarskap på alle nivå, men oppgåva er overkommeleg så lenge ein viser stort tolmod. Godt utøvd leiarskap og godt samarbeid er nøkkelen for å lukkast med det meste av målsetjingar i organisasjonen. Å investera i å utvikla godt leiarskap i Austrheim kommune vert difor ei viktig prioritering for rådmannen.

## **Effektivisering.**

For å sikre økonomisk handlefridom har det i Austrheim dei siste åra vorte gjennomført innsparing både i fjor og i årets framlegg til budsjett og vidare i økonomiplanperioden. Dette er i tråd med føringane frå staten om forventna innsparingar. Der er store investeringsbehov i kommunen i dei komande åra. Kommunestyret vil i åra framover måtte prioritere mellom investeringar ein må gjere og investeringar ein ønskjer å gjere. Rådmannen vil signalisere at den auka kostnaden som følgjer av desse investeringane ikkje kan berast i dei komande åra utan at dette får konsekvensar for drifta på andre områder. Dette vil ein måtte handtere i komande budsjett og økonomiplanar.

## **Tenesteutvikling, tidleg innsats, heilskap og samanheng.**

Tidleg innsats og førebygging, samt heilskaplege og tilpassa tenester, er avgjerande for at innbyggjarane skal få tenester som skapar livsmeistring i dag og i framtida. Austrheim kommune skal arbeide for å sikre rett kapasitet og naudsynt kompetanse samt samarbeide på tvers av tenestene for å gje innbyggjarane eit godt og heilskapleg tenestetilbod. Målet er at innbyggjarane i størst mogleg grad skal meistre eigen livssituasjon ved å skapa gode løysingar og tiltak saman med kommunen og relevante aktørar i nærmiljøet og samfunnet kring oss. Kommunestyret avgjer rammene i rådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan 2021-2024, medan rådmannen gjev sine tilrådingar om

driftsrammer og utvikling av tenestene. Gjennom kommunestyret si handsaming av saka er det deira prioriteringar og vedtak som fastset kommunen sine mål og rammer for perioden 2021-2024 og legg føringar for korleis vi skal møte framtida saman.

### **Høyringsinnspel som er kommen til rådmannen sitt framlegg til budsjett 2021.**

Rådmannen sitt budsjettframlegg vart lagt ut på høyring 05.11.2020, men høyringsfrist 24.11.2020, det er kome innspel frå våre 3 ulike råd, Høgre/Arbeiderpartiet, Fau ved Kaland Barnehage, Fagforbundet pluss frå Bygdelaget Dyrnes, Rebnor og Øksnes og Austrheim Sokneråd. Det er gode forslag som er kome inn i samband med høyringane og rådmannen har i sitt forslag til kommunestyret tatt med fylgjande innspel.

- Opptaket av lån til startlån vert auka frå 2,5 millionar til 10 millionar, dette er lån som er sjølvfinansierande og låneopptaket treng godkjenning av fylkesmannen.
- Rådmannen kjem attende med ei sak som omhandlar etablering av burettslag for fyrstegongs  
  
etablerer kor ungdom med svak økonomi er den primære målgruppa.
- Rådmann kjem attende med sak om etablering av omsorgsbustadar med driftsstøtte som vært drive av stiftingar eller andre frivillige organisasjonar. Driftsstøtta til slike omsorgsbustadar  
  
må være innanfor lovverket om offentlege anskaffingar.
- Rådmannen kjem attende med eigen sak knyta til veglys lang kommunale vegar i Austrheim.
- Det vert sett ned eit utval med brukarrepresentantar for å vurdere driftsform/vedlikehald av bygg som ikkje inngår i kommunen si ordinære tenesteyting.
- Oppgradering og modernisering av Nordliheimen må prioriterast fram mot 2025. Straks eldremeldinga er ferdig i 2021 blir det satt mellombels utval som skal følgja opp eldremeldinga og sikra at tiltaka i eldremeldinga vert gjennomførte. Rådmannen legg fram

ei sak om dette for kommunestyret.

Utover desse så var det ein rekkje innspel i høyringa som går på investeringar som ikkje lar seg gjennomføre så lenge kommunen står på Robek-lista. Her skriv fylkesmannen i brev datert 27.11.2020

*Fylkesmannen har bedt Austrheim kommune om å avgrense låneopptak til avgiftsfinansierte VA-investeringer, startlån til vidare utlån og eventuelt andre investeringer som er fullt ut selvfinansierende gjennom økte inntekter. Sistnevnte låneopptak kan bare skje etter en nærmere vurdering av Fylkesmannen. Fylkesmannen legger til grunn at kommunen ikke tar opp lån til andre formål enn det som her er nevnt. Det betyr f.eks. at eventuelt lavere låneopptak til VA-investeringer enn opprinnelig budsjettet ikke kan erstattes med lån til andre formål som ikke er fullt ut selvfinansierende. Austrheim kommune er fortsatt innmeldt i Robek-registeret. Det innebærer blant annet at kommunen må ha Fylkesmannen sin godkjenning av låneopptak. Kommunen vil tidligst bli tatt ut av Robek-registeret etter at kommunen sitt årsregnskap for 2020 er vedtatt. Utmelding fra registeret kan først skje i juni/juli 2021. Vi vil ikke åpne for låneopptak utover de lånerammene som tidligere er gitt så lenge kommunen er i Robek-registeret. Uavhengig av om kommunen er registrert i Robek eller ikke, er det nødvendig at kommunen over noen år bygger opp disposisjonsfondet til et vesentlig høyere nivå enn det nåværende og demper gjeldsnivået i forhold til driftsinntektene.*

Dei innspela til budsjettet 2021 som vært råka av det som fylkesmannen skriv i sitt brev, vil rådmannen vil så langt som råd prøva å dekkja gjennom bruk frie budsjettmidlar som gjeld 2020.

**Tabellar budsjett 2021.**

§ 5-4 Bevilgningsoversikt - drift 1A	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rammetilskudd	-95 844 000	-96 178 000	-98 044 000	-98 907 000	-100 712 000
Inntekts- og formueskatt	-92 820 000	-96 647 000	-96 740 000	-97 109 000	-98 194 000
Eiendomsskatt	-13 800 000	-13 500 000	-13 200 000	-13 000 000	-12 850 000
Andre generelle driftsinntekter	-11 093 000	-2 628 000	-2 628 000	-2 628 000	-2 628 000
Sum generelle driftsinntekter	-213 557 000	-208 953 000	-210 612 000	-211 644 000	-214 384 000
Sum bevilgninger drift, netto	198 307 000	194 395 000	194 935 000	194 935 000	194 935 000
Avskrivninger	15 000 000	15 540 000	15 540 000	15 540 000	15 540 000
Sum netto driftsutgifter	213 307 000	209 935 000	210 475 000	210 475 000	210 475 000
Brutto driftsresultat	-250 000	982 000	-137 000	-1 169 000	-3 909 000
Renteinntekter	-600 000	-400 000	-500 000	-500 000	-500 000
Utbytter	-7 800 000	-6 500 000	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0
Renteutgifter	5 020 000	1 795 000	1 795 000	1 795 000	1 795 000
Avdrag på lån	10 800 000	9 984 000	10 500 000	11 000 000	11 500 000
Netto finansutgifter	7 420 000	4 879 000	8 795 000	9 295 000	9 795 000
Motpost avskrivninger	15 000 000	15 540 000	15 540 000	15 540 000	15 540 000
Netto driftsresultat	-7 830 000	-9 679 000	-677 000	-1 709 000	-4 449 000
Disp. eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering	800 000	0	0	0	0
Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	0	-1 000	0	0	0
Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	3 000 000	9 680 000	6 882 000	7 414 000	9 654 000
Dekning av tidligere års merforbruk	4 030 000	0			
Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat	7 830 000	9 679 000	6 882 000	7 414 000	9 654 000
Fremført til inndeckn. i senere år (merforbruk)	0	0	0	0	0

Bevilgningsoversikt drift er utarbeidd med utgangspunkt i ein vidareføring av dei frie disponible inntektene i 2020. Alle inntekter og utgifter er oppgitt i 2021-kroner. Det vert anbefalt at ein kommune skal ha eit netto driftsresultat på over 1,7%. Vi har i Austrheim eit måltal som seier at vi minimum skal ha eit nettodriftsresultat på 3 % og at vi over tid skal levere eit resultat på 3,5 % . Dette for å kunne handtere både kortsiktige uventa rente- og driftsendringar, og meir langsiktige endringar i inntektssystemet. Som det går fram av oversynet over, så vert det lagt opp til innsparingar i økonomiplanperioden då inntekter i økonomiplanperioden ikkje aukar .For å handtere ei evt. auke i rentenivået og for å byggje opp eit disposisjonsfond vil Austrheim kommune måtte levere eit nettodriftsresultat høgare enn det ein anbefaler.

## Netto driftsrammer for dei ulike hovudområda i økonomiplanperioden 2021-2024

§5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)	Rev.Budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
<b>Ansvar 1000-6500</b>					
Administrativ styring	17 606 000	16 464 000	16 464 000	16 464 000	16 464 000
Politisk styring - intern service	8 278 000	8 087 000	8 087 000	8 087 000	8 087 000
Oppvekst	74 309 000	69 578 000	69 578 000	69 578 000	69 578 000
Helse og Omsorg	76 399 000	80 927 000	80 927 000	80 927 000	80 927 000
Kultur	4 798 000	4 817 000	4 817 000	4 817 000	4 817 000
Teknisk forvaltning, plan, bygg, oppmåling	18 087 000	16 281 000	16 281 000	16 281 000	16 281 000
Sum bevilgninger drift netto	199 477 000	196 154 000	196 154 000	196 154 000	196 154 000

Som ein ser så vert det ikkje lagt opp til auka driftsrammer for våre hovudområdet i økonomiplanperioden, heng saman med at inntektene i planperioden ikkje aukar.

§ 5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift	Rev.budsj.2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
<b>Driftsinntekter</b>					
Rammetilskudd	95 844 000	96 178 000	98 044 000	98 907 000	100 712 000
Inntekts- og formuesskatt	92 820 000	96 647 000	96 740 000	97 109 000	98 194 000
Eiendomsskatt	13 800 000	13 500 000	13 200 000	13 000 000	12 850 000
Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskudd fra staten	11 093 000	2 628 000	2 628 000	2 628 000	2 628 000
Overføringer og tilskudd fra andre	35 075 000	31 155 000	31 155 000	31 155 000	31 155 000
Brukerbetaling	12 545 000	12 081 000	12 081 000	12 081 000	12 081 000
Salgs- og leieinntekter	16 839 000	18 024 000	18 024 000	18 024 000	18 024 000
Sum driftsinntekter	278 016 000	270 213 000	271 872 000	272 904 000	275 644 000
<b>Driftsutgifter</b>					
Lønnsutgifter	150 752 000	144 490 000	144 490 000	144 490 000	144 490 000
Sosiale utgifter	41 586 000	39 291 000	39 291 000	39 291 000	39 291 000
Kjøp av varer og tjenester	45 590 000	55 777 000	55 777 000	55 777 000	55 777 000
Overføringer og tilskudd til andre	24 838 000	16 097 000	16 097 000	16 097 000	16 097 000
Avskrivninger	15 000 000	15 540 000	15 540 000	15 540 000	15 540 000
Sum driftsutgifter	277 766 000	271 195 000	271 195 000	271 195 000	271 195 000
<b>Brutto driftsresultat</b>	250 000	-982 000	137 000	1 169 000	3 909 000
<b>Finansinntekter</b>					
Renteinntekter	600 000	400 000	500 000	500 000	500 000
Utbytter	7 800 000	6 500 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0
Renteutgifter	5 020 000	1 795 000	1 795 000	1 795 000	1 795 000
Avdrag på lån	10 800 000	9 984 000	10 500 000	11 000 000	11 500 000
Netto finansutgifter	-7 420 000	-4 879 000	-8 795 000	-9 295 000	-9 795 000
<b>Motpost avskrivninger</b>	15 000 000	15 540 000	15 540 000	15 540 000	15 540 000
<b>Netto driftsresultat</b>	7 830 000	9 679 000	677 000	1 709 000	4 449 000
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>					
Overføring til investering	-800 000	0	0	0	0
Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	0	1 000	0	0	0
Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	-3 000 000	-9 680 000	-6 882 000	-7 414 000	-9 654 000
Dekning av tidligere års merforbruk	-4 030 000	0	0	0	0
Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat	-7 830 000	-9 679 000	-6 882 000	-7 414 000	-9 654 000
<b>Fremført til inndeckn. i senere år (merforbruk)</b>	0	0	0	0	0

## Investeringar.

Fylkesmannen har bedt Austrheim kommune om å avgrense låneopptak til avgiftsfinansierte VA-investeringer, startlån til videre utlån og eventuelt andre investeringer som er fullt ut selvfinansierende gjennom økte inntekter. Sistnevnte låneopptak kan bare skje etter en nærmere vurdering av Fylkesmannen. Fylkesmannen legger til grunn at kommunen ikke tar opp lån til andre formål enn det som her er nevnt. Det betyr f.eks. at eventuelt lavere låneopptak til VA-investeringer enn opprinnelig budsjettet ikke kan erstattes med lån til andre formål som ikke er fullt ut selvfinansierende. Austrheim kommune er fortsatt innmeldt i Robek-registeret. Det innebærer blant annet at kommunen må ha Fylkesmannen sin godkjenning av låneopptak. Kommunen vil tidligst bli tatt ut av Robek-registeret etter at kommunen sitt årsregnskap for 2020 er vedtatt. Utmelding fra registeret kan først skje i juni/juli 2021.

Vi vil ikke åpne for låneopptak utover de lånerammene som tidligere er gitt så lenge kommunen er i Robek-registeret.

Med bakgrunn i det fylkesmannen skriv er det i budsjettplanperioden kun lagt inn investeringar som er 100 % sjølvfinansierende enten ved at dei tilhøyrar sjølvkostområde, eller gjennom at kommunen bruker midlar som er tent inn gjennom salg av eigedom.

<b>Investeringer</b>					<b>Sum</b>
	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2021-2024</b>
<b>Egenkapital innskott KLP</b>	<b>800 000</b>	<b>800 000</b>	<b>800 000</b>	<b>800 000</b>	<b>3 200 000</b>
<b>IKT Austrheim kommune/Digitalisering</b>	<b>600 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>2 100 000</b>
<b>Omsorgsteknologi</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2 000 000</b>
<b>VA</b>	<b>12 000 000</b>	<b>12 000 000</b>	<b>12 000 000</b>	<b>4 000 000</b>	<b>40 000 000</b>
<b>Omsorgsboliger</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 000 000</b>	<b>6 000 000</b>	<b>7 000 000</b>
<b>Hardbruk</b>	<b>3 500 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3 500 000</b>
<b>Steinalderplass</b>	<b>300 000</b>	<b>400 000</b>	<b>50 000</b>	<b>0</b>	<b>750 000</b>
<b>kyrkja</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>	<b>800 000</b>
<b>El-bilar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>	<b>1 000 000</b>
<b>Fagfornyng skular</b>	<b>400 000</b>	<b>400 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>800 000</b>
	<b>18 800 000</b>	<b>15 300 000</b>	<b>15 050 000</b>	<b>12 000 000</b>	<b>61 150 000</b>

	Regnskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
<b>Bevilgningsoversikt - invest (budsjett)</b>						
Investeringer i varige driftsmidler	10.707.281,65	18.700.000,00	17.800.000,00	14.300.000,00	14.050.000,00	11.000.000,00
Tilskudd til andres investeringer	700.000,00	700.000,00	200.000,00	200.000,00	200.000,00	200.000,00
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	760.453,00	0,00	800.000,00	800.000,00	800.000,00	800.000,00
Utlån av egne midler	1.955.856,28	-2.500.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	1.681.741,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>15.805.331,93</b>	<b>16.900.000,00</b>	<b>18.800.000,00</b>	<b>15.300.000,00</b>	<b>15.050.000,00</b>	<b>12.000.000,00</b>
Kompensasjon for merverdiavgift	1.282.603,55	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Tilskudd fra andre	3.389.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Salg av varige driftsmidler	5.300.000,00	4.400.000,00	6.800.000,00	3.300.000,00	3.050.000,00	2.000.000,00
Salg av finansielle anleggsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Utdeling fra selskaper	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	1.850.509,80	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av lån	2.615.200,30	12.500.000,00	12.000.000,00	12.000.000,00	12.000.000,00	10.000.000,00
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>14.437.313,65</b>	<b>16.900.000,00</b>	<b>18.800.000,00</b>	<b>15.300.000,00</b>	<b>15.050.000,00</b>	<b>12.000.000,00</b>
Videreutlån	0,00	0,00	10.000.000,00	2.500.000,00	2.500.000,00	2.500.000,00
Bruk av lån til videreutlån	0,00	0,00	10.000.000,00	2.500.000,00	2.500.000,00	2.500.000,00
Avdrag på lån til videreutlån	0,00	0,00	1.000.000,00	1.000.000,00	1.000.000,00	1.000.000,00
Mottatte avdrag på videreutlån	0,00	0,00	1.000.000,00	1.000.000,00	1.000.000,00	1.000.000,00
<b>Netto utgifter videreutlån</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
Overføring fra drift	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Dekning av tidligere års udekket beløp	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum overføring fra drift og netto avsetn.</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
Fremført til inndekn. i senere år(udekket bel)	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00

## Folketalsutvikling 2020-2040 for Austrheim kommune

SSB har publisert nye, oppdaterte regionale befolkningsframskrivingar (dei forrige kom i juni 2018). Befolkningsframskrivinger beregner framtidens befolkning basert på forutsetningar om fruktbarheit, dødeligheit, flytting og nettoinnvandring. SSB opererer med 3 hovudalternativa: Låg nasjonal vekst, middels nasjonal vekst og høg nasjonal vekst. SSBs hovudalternativ MMMM, som står for mellomnivået for fruktbarheit, levealder, innanlandske flyttingar og innvandring sjåast på som normalt som det mest realistiske alternativet.

## Befolkningsframskriving 2020-2040

	2020	2040			%endring 2020-2040		
		L	M	H	L	M	H
0-5 år	178	150	201	234	-15,7	12,9	31,5
6-15 år	338	284	350	404	-16,0	3,6	19,5
16-66 år	1 769	1 850	1 909	1 986	4,6	7,9	12,3
67-79 år	446	479	490	495	7,4	9,9	11,0
80-89 år	114	235	246	257	106,1	115,8	125,4
90 år og eldre	25	75	86	102	200,0	244,0	308,0
<b>Sum</b>	<b>2 870</b>	<b>3 073</b>	<b>3 282</b>	<b>3 478</b>	<b>7,1</b>	<b>14,4</b>	<b>21,2</b>
<b>0-66 år</b>	<b>2 285</b>	<b>2 284</b>	<b>2 460</b>	<b>2 624</b>	<b>0,0</b>	<b>7,7</b>	<b>14,8</b>
<b>67 år og eldre</b>	<b>585</b>	<b>789</b>	<b>822</b>	<b>854</b>	<b>34,9</b>	<b>40,5</b>	<b>46,0</b>

I låg-alternativet gir ein befolkningsendring på 7,1 prosent, mens det høg-alternativet anslå ei endring på 21,2 prosent. I middel-alternativet anslås den totale befolkningsendringa å bli 14,4



prosent. I aldersgruppene 0–66 år er det anslått ei utvikling på mellom 0 prosent og 14,8 prosent, mens det i aldersgruppa 67 år og eldre er anslått en utvikling på mellom 34,9 prosent og 46,0 prosent. Det gjev ei markant auke i tall eldre i alle framskrivingsalternativ. Alternativa skil seg relativt lite når det gjelder utviklinga i tal eldre, fordi eldre personar sjeldan flytter mellom kommunar. I alle alternativ er det anslått ein lågare del born og unge og ein høgare del eldre.

#### Folketalsutvikling 2020-2024

	2020	2021	2022	2023	2024
0-5 år	178	179	174	167	169
6-15 år	338	333	336	336	348
16-66 år	1 769	1 759	1 771	1 778	1 773
67-79 år	446	456	444	450	445
80-89 år	114	130	145	151	164
90 år og eldre	25	23	21	24	26
<b>Totalt</b>	<b>2 870</b>	<b>2 880</b>	<b>2 891</b>	<b>2 906</b>	<b>2 925</b>
<b>0-66 år</b>	<b>2 285</b>	<b>2 271</b>	<b>2 281</b>	<b>2 281</b>	<b>2 290</b>
<b>67 år og eldre</b>	<b>585</b>	<b>609</b>	<b>610</b>	<b>625</b>	<b>635</b>

Frå 2020 til 2024 anslår SSB («4M») ei befolkningsvekst for Austrheim kommune på rundt 2 prosent. Det er betydeleg variasjon i anslått endring innan dei ulike aldersgruppene. Men i alle framskrivingar som er gjort et talet på eldre aukande. Fleire eldre i aldersgruppa over 67 år gjer at kommunen vil stå overfor aukande kostnader knyt til pleie og omsorgstenestene. Færre born i aldersgruppa 0-5 år trekker isolert sett i retning av reduserte utgifter til barnehage, mens fleire born og unge i aldersgruppa 6-15 år kan gje auka utgifter til grunnskole

#### Konklusjon

Framlegg til vedlagt budsjett for 2021 med handlings- og økonomiplan 2021- 2024 vert godkjent, med dei måltal som ligg der.

